



# Årsmelding og rekneskap 2010

*Ivar Aasen-tunet*

*Dei nynorske festspela*

*Nettstadene*

*Vinjefondet*

# Innhald

## **ÅRSMELDING**

### **1. 2010: Omforminga 3**

- 1.1 Økonomisk resultat 3
- 1.2 Ivar Aasen-tunet 3
- 1.3 Olav H. Hauge-senteret 3
- 1.4 Vinjefondet 3
- 1.5 Språkåret 2013 3
- 1.6 Gjester og brukarar 3
- 1.7 Fagleg innhald 4
- 1.8 Utstillingar 4
- 1.9 Dei nynorske festspela 4
- 1.10 Kulturprogram 4
- 1.11 Kafé, utleige, butikk 4
- 1.12 Samla resultat 2000–2010 4

### **2. Visjon og oppgåver 4**

- 2.1 Visjon 4
- 2.2 Verdiar 5
- 2.3 Forretningsidé 5
- 2.4 Merkevare 5
- 2.5 Mål 5
- 2.6 Mål 2009–2012 5
- 2.7 Slagord 5
- 2.8 Strategi 5
- 2.9 Uløyste oppgåver 5

### **3. Drift 6**

- 3.1 Resultat 7
- 3.2 Tilknytt selskap 7
- 3.3 Administrasjon 7
- 3.4 Vidare drift 7

### **4. Disponering av resultat 7**

### **5. Rekneskap 8**

- Resultatrekneskap 8
- Balanse 9
- Notar 11
- Revisjonsmelding 13

## **ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT**

### **1. Organisasjon 14**

- 1.1 Råd 14
- 1.2 Styre 15
- 1.3 Administrasjon 15

- 1.4 Verneombod 16
- 1.5 Rekneskap og revisjon 16
- 1.6 Stiftingar og aksjeselskap 16
- 1.7 Lokalt lønssystem og avtale om inkluderande arbeidsliv 16
- 1.8 Medlemskapar 17
- 1.9 Verv og representasjon 17
- 1.10 Nynorsk Forum 17
- 1.11 Fehn-forum 18
- 1.12 Litteraturnettverket 18
- 1.13 Ivar Aasen-instituttet 18
- 1.14 Nynorsksenteret 18
- 1.15 Andre samarbeidspartnarar 18
- 1.16 Planar som styringsreiskap 18

### **2. Ivar Aasen-tunet 19**

- 2.1 Verksemrd 19
- 2.2 Strategi 19
- 2.3 Bygningar og uteområde 19
- 2.4 Forankring 19
- 2.5 Organisering 19
- 2.6 Økonomi 19
- 2.7 Innhald 20

### **3. Olav H. Hauge-senteret 20**

- 3.1 Avtalar 20
- 3.2 Strategi 20
- 3.3 Bygning og uteområde 20
- 3.4 Forankring i regionen 20
- 3.5 Organisering 20
- 3.6 Økonomi 20
- 3.7 Innhald 20

### **4. Vinjefondet 20**

- 4.1 Retningslinjer 21
- 4.2 Organisering 21
- 4.3 Økonomi 21
- 4.4 Tildelingar 21

### **5. Språkåret 2013 21**

- 5.1 Bakgrunn 21
- 5.2 Strategi 22
- 5.3 Organisering 22
- 5.4 Økonomi 22
- 5.5 Innhald 22

### **6. Samling, dokumentasjon og formidling 22**

- 6.1 Samlingsforvaltning 23

6.2 Samlingar	23
6.3 Innkjøpte kunstverk	24
6.6 Sikring og bevaring	24
6.5 Dokumentasjon og forsking	24
6.6 Innsamlingsstrategi for bruksgrafikk	26
6.7. Nynorskbasen	26
6.8 Artikkelarkivet	26
6.9 Foredrag og samtalar	26
6.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet	28
6.11 Bøker og andre skrifter	28
6.12 Fagleg representasjon	28
6.13 Jon Fosse-arkivet	32
6.14 Ivar Aasen-tunet gjennom eitt år	32
6.15 Publikumssørvis	32

## **7. Utstillingar 32**

7.1 Basisutstillinga	32
7.2 Temautstillingar	33
7.3 Vandreutstillingar	33
7.4 Undrande og skapande	33
7.5 Kulturhotell Bondeheimen	33
7.6 Nettutstilling	33

## **8. Tilbod til born og unge 34**

8.1 Tunkatten Lurivar	34
8.2 Born og småbarnsfamiliar	35
8.3 Barnehagar	35
8.4 Skular	35
8.5 Nye tilbod	35
8.6 Den kulturelle skulesekken i tunet	36
8.7 Den kulturelle skulesekken på turné	36
8.8 Gründercamp og utplassering	36

## **9. Arrangement 36**

9.1 Dei nynorske festspela	37
9.2 Kulturprogram	38

## **10. Kafé og butikk 39**

10.1 Kafé	39
10.2 Utleige	40
10.3 Butikk	40
10.4 Nettbutikk	41
10.5 Butikkprofil	41

## **11. Nettstadene 41**

11.1 aasentunet.no	42
11.2 tunkatten.no	42
11.3 garborgnett.no	42
11.4 Besøk og bruk	42

11.5 Litteratur	42
11.6 Allkunne	43

## **12. Informasjon 43**

12.1 Presse og kringkasting	43
12.2 Trykksaker	44
12.3 Annonsering	44
12.4 Sosiale medium	44
12.5 Reiselivssamarbeid	44
12.6 Skilting til tunet	44

## **13. Gjester 45**

13.1 Gjesteprofil	45
13.2 Gjesteundersøking	45
13.3 Opningstider	45
13.4 Billettprisar	46
13.5 iTicket	46

## **14. Økonomi 46**

14.1 Investeringar	46
14.2 Drift	46
14.3 Prosjektilskot	47
14.4 Samarbeidsavtalar	47
14.5 Samfunnsrekneskap	48

## **15. Retning 2018 48**

15.1 Dialog med mange land og kulturar	48
15.2 Endringar i Ivar Aasen-tunet	49
15.3 Årets nynorskbrukar	49
15.4 Institusjonsbygging	50
15.5 Oppfølging av språkmeldinga	50
15.6 Soria Moria 2	51
15.7 Kulturelt mangfold	51
15.8 Språkpolitisk demografi	52
15.9 Presse- og mediepolitikk	52
15.10 Språk og lesing i barnehøgd	52
15.11 Den kulturelle skulesekken	52
15.12 Læremiddel på nynorsk	53
15.13 Digitaliseringspolitikk	53
15.14 Ein skriftkultur med tradisjon	53

## **VEDLEGG**

Statistikk 2000–2010	54
Kulturprogram 2010	55
Dei nynorske festspela 2010	61
Temautstillingar 2000–2010	68
Årstalar 2001–2010 Bakside	

Framsida: Epletreet i tunet, fotografert 9.9.2010 (foto Gaute Øvereng/Ivar Aasen-tunet)

# ÅRSMELDING

## 1. 2010: Omforminga

2010 blei eit år for omforming. Nynorsk kultursentrum gjekk frå å vere ein tett driftsorganisasjon i retning av ein drifts- og prosjektorganisasjon. Med arrangement og utstillingar landet rundt er ikkje det noko nytt, men med Olav H. Hauge-senteret får vi no ansvaret for drift og arbeidsplassar andre stader enn på Sunnmøre.

Omsetninga auka med 10 %, det faglege arbeidet blei utført med tyngd, og festspel- og kulturprogram gav mange unike tilbod. Også det språkfaglege arbeidet heldt høg kvalitet og nådde vidare ut enn før.

Sommaren 2010 flytta Allkunne inn i Aasen-tunet, ut på hausten lyste vi for første gong ut midlar frå Vinjefondet, og Nynorsk kultursentrum fekk hovudansvaret for planlegginge eit nasjonalt språkår i 2013.

Med nye varer passerte museumsbutikken millionen i omsetning, nye elevprogram i Den kulturelle skulesekken blei utvikla, nettstaden gav fleire litterære tilbod, og bygninga og anlegg blei haldne godt ved like.

Store, nye prosjekt og det vi elles uttretta gjorde miljøet rundt Nynorsk kultursentrum endå større i 2010. I gjennomsnitt brukte nær 800 personar tenestene våre kvar dag.

### **1.1 Økonomisk resultat**

Nynorsk kultursentrum har forretningskontor i Ørsta kommune.

Resultatet blei like godt som året før. Drifta gav eit overskot på 282 000 kr, mot 317 000 kr året før.

Med slitesterkt, målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette auka omsetninga med 10 % til 15,0 millionar kr. Eigeninntektene var på 4,0 millionar kr, mot 3,6 millionar kr året før. Vi greidde dermed å auke eigeninntektene like mykje som statstilskotet. Dette utgjorde 73 % av driftsinntektene, mot 74 % året før.

### **1.2 Ivar Aasen-tunet**

Dokumentasjons- og opplevelingssenteret for nynorsk skriftkultur var kjernen i verksemda vår. Med stor fagleg breidd i eit jamt veksande publikumstilbod auka omsetninga med 8 % til 14,4 millionar kr. Utan finansinntekter gav dette eit resultat på 202 000 kr.

### **1.3 Olav H. Hauge-senteret**

I august 2010 gjorde vi avtale med Olav H. Hauge-stiftinga om at vi frå 1.1.2011 skal utvikle, etablere og drive Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Stillinga som dagleg leiar blei lyst ut i desember.

### **1.4 Vinjefondet**

Vi tildelte dei første midlane frå Vinjefondet som skal styrke bruken av nynorsk i media. 500 000 kr blei utbetalt til tre prosjekt.

### **1.5 Språkåret 2013**

Regjeringa Stoltenberg II gav i november Nynorsk kultursentrum i oppdrag å utvikle planar for 2013 som eit nasjonalt språkår og løyvde 700 000 kr til arbeidet i 2011.

### **1.6 Gjester og brukarar**

2010 gav eit gjennomsnittleg besøksresultat, med 14 % færre gjester enn i 2009. 16 690 personar gjesta arrangement og utstillingar, mot 19 500 året før.

Nær 4100 eller 24 % av gjestene var born og unge. Prosentsdelen var som året før, men i absolutte tal gav færre skuleturnear også færre gjester enn i 2009.

Nettstadene hadde 261 352 unike brukarar med til saman 727 878 viste sider. Vi hadde dermed 15 gonger fleire brukarar på nettstadene enn vi hadde gjester på arrangement og utstillingar.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Av 164 arrangement var 80 % i Ivar Aasen-tunet, mot 73 % året før. Vi var aktive med arrangement eller utstillingar i 20 kommunar i åtte fylke. Sju av kommunane var nye.

## **1.7 Fagleg innhald**

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 62 726 einingar. Av dette var 27 % tilfredsstillande registrerte.

I 2010 la vi ut 600 nye tekstdokument på nettstaden. Til saman kunne publikum velje mellom 10 100 digitale tekstdokument. Viktig nytt av året var Ivar Aasens brev og dagbøker med Reidar Djupedals merknader.

Styre og tilsette representerte ved 132 høve mot 113 året før. Tilsette publiserte 64 artiklar, skrifter og foredrag, mot 61 i 2009. Direktøren heldt den 10. årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur: *Med språket som innsats*.

Arbeidet med å utvikle nynorsk kvalitetsinnhald på Internett og eit allment digitalt leksikon på nynorsk heldt fram i regi av Allkunne AS.

10 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre.

Forfattar Maria Parr, Volda, fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2010*.

## **1.8 Utstillingar**

Utstillingane reduserte omsetninga med 16 % til 713 000 kr. Dette gav eit overskot på 4000 kr, mot 18 000 kr året før.

Mange elevar tok del i elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* også dette året. 1847 elevar og lærarar var med på desse programma, mot 2981 i 2009.

I 2010 laga vi ei ny temautstilling og presenterte mange aktualitetsopplag i basisutstillinga. Som før var det noko nytt i basisutstillinga kvar opningsdag.

Sju eldre og nyare temautstillingar blei vist som vandreutstillingar på 12 stader.

## **1.9 Dei nynorske festspela**

Dei nynorske festspela blei fortetta til fire dagar, og nådde med 1 686 000 kr likevel omsetningsnivået frå året før og forbetra resultatet kraftig. Drifta gav eit overskot på 173 000 kr, mot eit underskot på 231 000 kr i 2009.

Også i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var Festspela svært vellukka, med 6100 gjester og vel 200 utøvarar på 48 arrangement.

## **1.10 Kulturprogram**

Kulturprogrammet auka omsetninga med 63 % til 885 000 kr. Resultatet blei eit overskot på 18 000 kr, mot 66 000 kr året før.

Utanom Dei nynorske festspela gjennomførte vi 45 opne kulturarrangement, mot 58 året før. Nær 550 utøvarar stod for det kunstnarlege og faglege innhaldet.

## **1.11 Kafé, utleige, butikk**

Kafeen og butikken voks vidare også i 2010. Omsetninga auka med 10 % til 1 872 000 kr. Drifta gav eit samla overskot på 162 000 kr, likt med året før.

Både meny og vareutval heldt eit høgt nivå, og butikken gav det beste resultatet nokon gong.

## **1.12 Samla resultat 2000–2010**

Til no har vi hatt 203 000 gjester og 2 559 000 nettstadbrukarar. Nær 2,8 millionar personar har altså nytta tilboda våre.

Etter 11 driftsår er dette resultatet:

- 62 726 bøker, skrifter, foto, kunsthistoriske og tradisjonelle gjenstandar i samlingane
- 1957 arrangement med 7500 utøvarar
- 26 temautstillingar har vore lånte ut som vandreutstillingar 126 gonger i 18 fylke
- 10 100 tekstdokument på nettstadene
- Arrangement og utstillingar i 117 kommunar i 18 fylke
- 454 turnéframseysningar av elevprogramma *Det undrande språket* og *Katta i sekken* for 12 678 elevar og lærarar

# **2. Visjon og oppgåver**

Styret fastsette i 2007 eit visjonsdokument for Nynorsk kultursentrum. I si årlege drøfting i 2010 endra styret målet for 2009–2012.

## **2.1 Visjon**

*Nynorsk, sjølvsagt, når som helst og kor som helst.* Vi er drivne av visjonen om eit samfunn der det er sjølvsagt å vere og bli verande nynorskbrukar, og der det er sjølvsagt at nynorsk kan brukast i alle situasjonar.

## **2.2 Verdiar**

*Ekte, modig, overraskande.* Verdiane viser kven vi er, kva vi vil vere og kva som pregar det daglege arbeidet vårt: Vi utfordrar fordomar om norsk språkpolitikk, vi ønskjer å overraske ved å sjå etter nye løysingar på gamle spørsmål, og publikum skal vite at vi er til å stole på.

## **2.3 Forretningsidé**

*Kunnskap og opplevingar som gjer det lettare å vere nynorskbrukar.* Driftsgrunnlaget vårt er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtillit. Det vi gjer undervegs til visjonen, skal auke den allmenne toleransen og respekten for nynorskbrukarane.

## **2.4 Merkevare**

*Ivar Aasen.* Alle som har gått i norsk skule har eit bilet av Ivar Aasen, ingen kan fortelje hans historie på den måten vi kan, og signaturen hans pregar hovudbygningen vår. Alt spring ut frå Ivar Aasens liv og verk, han representerer summen av verdiane våre og var den første som formulerte visjonen.

## **2.5 Mål**

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:

1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

## **2.6 Mål 2009–2012**

*Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.* Dette gir retninga for verksemda fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

## **2.7 Slagord**

*Ivar Aasen-tunet – målet for alle.* Slagordet har vore i bruk sidan sommaren 1999.

## **2.8 Strategi**

Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar eller ein kompetent og

konstruktiv samarbeidspartnar. Dette inneber at

- a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
- b) Dei nynorske festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen,
- c) [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) skal vere den beste nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur.

Ei systematisk, fagleg gjennomtenkt og utoverretta samlingsforvalting er grunnlaget for heile verksemda.

Vi har svært vide samarbeidsflater, blir oppfatta som ein offensiv, påliteleg og løysingsorientert aktør, og vi er mindre stadbundne enn dei fleste abm-institusjonane. Kvart år gir vi publikumstilbod mange stader i landet i form av kulturprogram eller utstillingar.

Vi legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasen-tunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter. Dette er seinare stadfesta og utdjupa i ei rekkje offentlege dokument.

Nynorsk kultursentrum satsar på varige tiltak for kulturelt og språkleg mangfold. Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange både lokalt, regionalt og nasjonalt. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i samarbeidet mellom arkiv, bibliotek og museum, og er blitt viktig i fleire nettverk.

## **2.9 Uløyste oppgåver**

Vi går inn i det 19. driftsåret der dei viktigaste strategiske grepene er å utvikle ein ny kulturinstitusjon, planleggje store, nasjonale prosjekt, styrke samlingsforvaltinga og sikre at vi framleis er ein attraktiv arbeidsplass.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med, og berre vi sjølve kan syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan til-

fredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følger av dette. Vi prioriterer tiltak ut frå visjonsdokumentet.

Ei kunnskapsverksemد som vår må leve med at ambisjonane er høgare enn det vi faktisk maktar å gjennomføre. Dette blir i vårt tilfelle forsterka av at svært mange oppgåver må løysast for at det skal bli sjølv sagt å bruke nynorsk når som helst, kor som helst.

Så godt som alle nynorsk institusjonar er små og har liten tilgang til privat kapital. Dei har dermed därlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje. Vi er ein konsekvent tilhengjar av målretta samarbeid mellom institusjonar.

Nynorsk kultursentrum er no rusta til å utvikle seg på fleire område og bli ein større organisasjon. Museum kan bli driftsavdelingar på linje med Ivar Aasen-tunet, slik Olav H. Hauge-senteret no blir, og eigne selskap kan skipast, som Allkunne AS. No set vi fart i det mangeårige arbeidet med å gjere 2013 til eit nasjonalt språkår.

Mykje står att for å skape røyndom av den systematiske styrkinga av nynorsk skriftkultur som Stortinget føresette i 2004 og som blei stadfesta i språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg.

Dermed er det offisiell politikk å følge prinsippet nynorsk, som Nynorsk kultursentrum første gongen formulerte i årstale nr. 5 i 2005. Prinsippet inneber at nynorsk alltid skal reknast med der språk blir tematisert. Dette føreset tre overordna strategiar:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Born og unge må få meir nærekontakt med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

Særleg gjeld det å følge opp dei tiltaka, prosjekta og oppgåvene som er omtalte i kap. 15 i administrasjonens årsrapport. Det trengst ein nynorsk tiltakspakke, mykje større og øyremerkte nynorsktiltak, og mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda.

Vi prioriterer difor desse oppgåvene:

1. Planleggje og gjennomføre Språkåret 2013

2. Følgje opp dei språkpolitiske prinsippa i språkmeldinga *Mål og mein*, og utdjupe, presisere og målrette dei viktigaste tiltaka
3. Arbeide for ein nynorskspott i pressestøtta
4. Utvikle og støtte tiltak for mykje og godt barne-tv på nynorsk frå allmennkringkastarane
5. Styrke tilbod på nynorsk og dialekt for born i massemedia og barnehagar
6. Forme ein strategi for å tredoble produksjon av nynorske barne- og ungdomsbøker
7. Sikre tilbod på nynorsk i Den nynorske skulesekken i alle fylke
8. Halde oppe det presset som må til for at nynorskelevar får gode lærermiddel til skulestart
9. Sikre programvare i begge målformer på alle pc-ar i skulen
10. Få til ein treårig språkaksjon i den videregåande skulen
11. Få til eit akademisk nynorskløft med Ivar Aasen-instituttet i spissen for eit større og breiare forskingsmiljø
12. Utvide verkeområdet for mållova
13. Arbeide for 50 % meir statsstøtte til dei nynorske basisinstitusjonane
14. Styrke nynorskforlag utanfor Oslo
15. Utvikle Olav H. Hauge-senteret i Ulvik.
16. Utvikle Allkunne som eit allment og fullgodt digitalt oppslagsverk
17. Realisere planane for Jon Fosse-arkivet
18. Planleggje nybygg i Ivar Aasen-tunet

Det er nødvendig å utvikle ein ny, overordna, framtidsretta argumentasjon for nynorskens plass i landet. Drøftingar i styre og råd, arbeidet i Nynorsk Forum, dokumentert kunnskap om språkbruk og årstalane om tilstanden for nynorsk skriftkultur yter her kvar sine bidrag.

### 3. Drift

Med ei omsetning på 14 992 000 kr blei 2010 eit svært aktivt driftsår med mange nye tiltak og tilbod. Særleg gledeleg var utviklinga for Dei nynorske festspela og butikken. Vi driv ei mangslungen verksemد med høg kvalitet som kjennemerke. Driftskapitalen er framleis mindre enn den bør vere.

Med omforminga av verksemda treng vi endå noko meir i botnen som kan sikre grunnlaget for stabil drift.

Mange vedlikehaldsoppgåver blei gjennomførte i 2010.

### 3.1 Resultat

Rekneskapen syner eit overskot på 281 948 kr etter finansinntekter, mot 316 711 kr i 2009.

### 3.2 Tilknytt selskap

Nynorsk kultursentrum eig 50 % av aksjane i det tilknytte selskapet Allkunne AS, og Det Norske Samlaget resten. Aksjekapitalen er på 100 000 kr. Føremålet er å utvikle og drive digitale kunnskapsbasar på nynorsk. [www.allkunne.no](http://www.allkunne.no) har vore i drift sidan 20.10.2009.

### 3.3 Administrasjon

Vi hadde tilsette i 11 faste stillingar og engasjementsavtalar med 29 andre medarbeidarar. Det blei i alt utført 13,7 årsverk. Utanom eitt langtidsfråvær utgjorde sjukefråværet for fast tilsette 4,3 % av samla arbeidstid.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Fire av sju styremedlemer var kvinner, men i rådet var berre fem av 21 medlemer kvinner. I leiargruppa sat ei kvinne og tre menn, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2010 seks kvinner og fem menn.

Ved nyttilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjoner. Over tid skal det vere balanse mellom tal på kvinner og menn i staben, på same måten

som vi ønskjer variasjon i alder, geografi, bakgrunn og fagprofil.

Alle krav i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne gjeld ikkje for verksemda vår, men vi gjer alt vi kan for å oppfylle dei relevante krava.

Verksemda vår er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda verken skadde eller påverka det ytre miljøet i 2010. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum leverte i 2010 ingen produkt som kan skape noko miljøproblem.

### 3.4 Vidare drift

Grunnfondskapitalen er på 230 000 kr. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebank1 Søre Sunnmøre.

Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2010.

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilet av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

	2008	2009	2010
Omsetning	13 314	13 899	14 992
Resultat	-231	317	282
Eigenkapital	255	572	854

## 4. Disponering av resultat

Årsoverskotet på 281 948 kr blir lagd til eigenkapitalen. Etter dette hadde stiftinga ved årsskiftet ein eigenkapital på 853 964 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2010 / 23. mars 2011*

Reidar Sandal, *leiar*

Georg Arnestad

Sigrun Høgetveit Berg

Jon Fosse

Bente LaForce

Grete Riise

Åshild Widerøe

Ottar Grepstad, *direktør*

# Resultatrekneskap

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

<b>Driftsinntekter og driftskostnader</b>	<b>Note</b>	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Sal av varer		2 045 450	1 805 865
Tilskot frå Kulturdep. o.a.	1	11 295 665	10 567 591
Billettsal		666 032	612 499
Sponsorinntekter og annonser		550 180	454 920
Andre inntekter		431 423	228 728
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>14 988 750</b>	<b>13 669 603</b>
Varekostnader		941 542	839 593
Lønskostnader m.m.	4	7 487 736	6 900 431
Ordinære avskrivningar	6	154 983	104 666
Leigekostnader		144 154	179 532
Ustyr og driftsmateriell, straum		1 161 688	995 983
Reparasjonar og vedlikehald		393 696	412 168
Reise/opphold		849 119	977 690
Honorar	4	1 566 396	1 022 183
Marknadsføring		650 299	732 424
Ymse kontorkostnader/porto m.m.		841 874	747 883
Andre driftskostnader		594 026	508 820
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>14 785 514</b>	<b>13 421 374</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>203 236</b>	<b>248 229</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		79 342	75 102
Rentekostnader		630	6 619
<b>Resultat av finanspostar</b>		<b>78 712</b>	<b>68 483</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>281 948</b>	<b>316 712</b>
<b>Årsoverskot (Årsunderskot)</b>		<b>281 948</b>	<b>316 712</b>
<b>Overføringer</b>			
Overføringer annan eigenkapital	5	281 948	316 712
<b>Sum overføringer</b>		<b>281 948</b>	<b>316 712</b>

# Balanse

Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigedelar	Note	2010	2009
<b>Anleggs middel</b>			
<b>Varige drifts middel</b>			
Utekafé, -scene, stabbur og ny veg	6	1 782 736	1 634 454
Inventar og utstyr	6	259 841	117 589
<b>Sum varige drifts middel</b>		<b><u>2 042 577</u></b>	<b><u>1 752 043</u></b>
<b>Finansielle drifts middel</b>			
Aksjar i tilknytta verksemnd	7	50 000	50 000
<b>Sum finansielle anleggs middel</b>		<b><u>50 000</u></b>	<b><u>50 000</u></b>
<b>Sum anleggs middel</b>		<b><u>2 092 577</u></b>	<b><u>1 802 043</u></b>
<b>Omløps middel</b>			
Varelager	3	354 445	309 621
<b>Krav</b>			
Kundar	2	174 747	118 109
Andre krav	2, 7	440 933	656 526
<b>Sum krav</b>		<b><u>615 680</u></b>	<b><u>774 635</u></b>
Bank, kasse (bundne midlar: 259.167)		2 199 535	1 577 836
<b>Sum omløps middel</b>		<b><u>3 169 660</u></b>	<b><u>2 662 092</u></b>
<b>Sum eigedelar</b>		<b><u>5 262 237</u></b>	<b><u>4 464 135</u></b>

# Balanse


Stiftinga Nynorsk kultursentrum

Eigenkapital og gjeld	Note	2010	2009
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Grunnfond		240 000	230 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>240 000</b>	<b>230 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Annan eigenkapital		623 965	342 016
<b>Sum oppent eigenkapital</b>		<b>623 965</b>	<b>342 016</b>
<b>Sum eigenkapital</b>	5	<b>863 965</b>	<b>572 016</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		875 165	1 059 418
Trekk og offentlege avgifter		514 208	433 057
Påkomne kostnader	7	1 228 190	1 150 740
Periodiserte tilskot		1 780 710	1 248 903
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>4 398 273</b>	<b>3 892 118</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>4 398 273</b>	<b>3 892 118</b>
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>		<b>5 262 237</b>	<b>4 464 135</b>


I styret for STI Nynorsk kultursentrum, Hovdebygda 23.3.11



Reidar Sandal  
leiar




Ottar Grepstad  
direktør



Georg Arnestad




Sigrun H. Berg



Jon Fosse

Bente LaForce



Grete Riise



Åshild Widerøe



Arvid Hovden  
statsautorisert revisor

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kulturdepartementet  
er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

**NOTAR for 2010**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

**Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.

Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følge av renteendring.

**Inntektsføringsprinsipp**

Off. tilskot til drifta vert inntektsførde i same periode som desse er meint å dekkje frå tilskotsgivar. Prosjektinntekter vert periodiserte til inntekt i takt med gjennomføring av prosjekta. Utbetalte tilskot for prosjekt, som ikkje er oppstarta, vert såleis balanseførde som forplikting. Andre inntekter vert inntektsførde ved opptening for tenester og på leveringstidspunktet for selde varer.

**Note 1**

**Offentlege tilskot**

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Kulturdepartementet	10 929 000	10 090 000
Tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune	88 000	85 000
Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar	100 000	110 000
Tilskot Norsk Kulturråd	0	0
Andre offentlege tilskot	178 665	112 291
Andre tilskot	0	170 300
<b>Sum tilskot</b>	<b>11 295 665</b>	<b>10 567 591</b>

**Note 2**

**Andre krav**

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

**Note 3**

**Varelager**

Varelageret vert vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

**Note 4**

**Lønskostnad, tal på tilsette m.m.**

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Lønskostnad	5 718 348	5 212 753
Folketrygdavgift	917 096	839 076
Oppg. pl. honorar	336 290	317 487
Pensjonsytingar	396 093	295 651
Andre ytingar	119 910	235 464
	<b>7 487 736</b>	<b>6 900 431</b>
Gjennomsnittleg tal på tilsette (årsverk)	13,7	13,1

**NOTAR for 2010**  
**Stiftinga Nynorsk kultursentrum**

<b>Ytingar til leiande personar</b>	Dagleg leiar	Styreleiar	Styre-medlemmer
Løn, honorar og liknande	692 328	52 500	89 576

**Revisor**

Kostnadsført revisjonshonorar for 2010 utgjer kr 24.100,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 4.200,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 11 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga. Pensjonsordninga fyller krava til OTP.

**Note 5**

**Eigenkapital**

	<b>2010</b>	<b>2009</b>
Grunnfond 31.12.	<b>240 000</b>	<b>230 000</b>
Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 1.1.	342 016	25 305
Årsresultat	281 948	316 711
Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12.	<b>623 965</b>	<b>342 016</b>
Sum eigenkapital 31.12.	<b>863 965</b>	<b>572 016</b>

**Note 6**

**Tilskot til inventar/utstilling og bygg**

Kostpris 01.01.				
+ Tilgang	262 560	211 208	0	473 768
- Avgang	-96 640			-96 640
- Tilskot Det kongelege kulturdepartement	0	0	0	0
- Tilskot - akkumulerte tal per 31.12	-8 824 041	-3 814 500	-43 800 000	-56 438 541
Akk. avskrivingar 31.12.	-1 030 303	-163 107	0	-1 193 410
<b>Bokført verdi 31.12</b>	<b>259 841</b>	<b>1 782 736</b>	<b>0</b>	<b>2 042 577</b>
<b>Avskrivingar i år</b>	<b>92 057</b>	<b>62 926</b>	<b>0</b>	<b>154 983</b>
Avskrivingssats	10-20%	4-10%		

<b>Inventar/ utstilling</b>	<b>Amfi/ute- kafe/utescene/ stabbur/veg</b>	<b>Bygg</b>	<b>Sum</b>
9 948 266	5 549 134	43 800 000	59 297 400
+262 560	+211 208	0	473 768
-96 640			-96 640
0	0	0	0
-8 824 041	-3 814 500	-43 800 000	-56 438 541
-1 030 303	-163 107	0	-1 193 410
<b>259 841</b>	<b>1 782 736</b>	<b>0</b>	<b>2 042 577</b>
<b>92 057</b>	<b>62 926</b>	<b>0</b>	<b>154 983</b>
10-20%	4-10%		

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoversføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtekten for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller formålet med å tilegne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarende sum som tilskot.

**Note 7**

**Aksjar i tilknytta selskap**

Stiftinga har teikna 50% av aksjane i Allkunne AS som har forretningskontor i Ørsta kommune.

Selskapet blei skipa 20.08.2008. Årsrekneskapen for 2009 syner eit underskot på kr 29.496 og sum eigenkapital på kr 768.456 per 31.12.2009. Årsrekneskapen for 2010 er ikkje ferdigstilt per d.d. STI Nynorsk Kultursentrum har ei netto kortsiktig gjeld på kr 278.084 per 31.12.2010. Aksjane er bokførde til kostpris.

## REVISOR SI MELDING

### Utsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Stiftinga Nynorsk kultursentrum, som er samansett av balanse per 31. desember 2010 og resultatrekneskap og som viser eit overskot på kr 281.948 for rekneskapsåret . avslutta per denne datoene, samt ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilet i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg og for slik intern kontroll, som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misgjerder eller feil.

### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meinинг om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna *International Standards on Auditing*. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå forsvarleg sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningsane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misgjerder eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen, som er relevant for eininga si utarbeiding av ein årsrekneskap, som gir eit rettvisande bilet. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar, som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meinинг om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er føremålstenlege og om rekneskapsestimata, som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og føremålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår.

HOVUDKONTOR:	AVD. KONTOR
Ørsta, Strandgt. 7 Postb. 203, 6151 Ørsta Tlf.: 70 04 59 00 • Faks: 70 04 59 01	Volda, Storgt. 8 Postb. 345, 6101 Volda Tlf.: 70 07 69 33

**Konklusjon**

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilet av den finansielle stillinga til Stiftinga Nynorsk Kultursentrum per 31. desember 2010 og av resultatet for rekneskapsåret, som vart avslutta per denne dato, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

**Utsegn om andre tilhøve****Konklusjon om årsmeldinga**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til disponering av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

**Konklusjon om registrering og dokumentasjon**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik han er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

**Konklusjon om utdelingar og forvaltning**

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen, som skildra over, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i samsvar med internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, meiner vi stiftinga er forvalta i samsvar med lov, stiftinga sitt føremål og vedtektenes elles.

Ørsta, den 23.03.2011



Arvid Hovden  
statsautorisert revisor

# ADMINISTRASJONENS ÅRSRAPPORT

## 1. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stiftning med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei nynorske festspela
- Nettstadene www.aasentunet.no, www.garborgnett.no, www.tunkatten.no

I 2010 hadde vi 40 lønte medarbeidarar. Det blei utført i alt 13,7 årsverk. Vi følgde opp medlemskapar i 18 institusjonar og organisasjonar, og tilsette hadde verv i 22 styre, råd og utval. Vi leidde arbeidet i tre forum og nettverk, og hadde som før om åra jamleg kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder.

### 1.1 Råd

21 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar utnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet har vedteke at rådsmedlemer ikkje bør sitje lenger en åtte år, og har oppmoda stiftarane om å sikre god balanse mellom kjønna. Rådet hadde desse medlemene i 2010 (utnemningsperiode i parentes):

#### *Kommunar og fylkeskommunar*

Hordaland fylkeskommune: Mette Holmefjord Olsen (2007–2011), vara Olav Steinar Namtvedt (2009–2011)

Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2011), vara Olav Hauge (2007–2011)

Rogaland fylkeskommune: Jarle Braut (2007–2011), vara Ragnhild Osmundsen (2007–2011)

Sogn og Fjordane fylkeskommune: Liv Henjum (2007–2011), vara Finn Førsund (2007–2011)

Volda kommune: Jan Henning Egset (2009–2011), vara Hilde Osdal (2009–2011)

Ørsta kommune: Jostein O. Mo (2008–2011), vara Hjørdis Almelid Vikenes (2008–2011)

#### *Forsknings- og utdanningsinstitusjonar*

Ivar Aasen-instituttet: Odd Monsson (2008–2011), vara Unn Røyneland (2010–2011)

Høgskulen i Volda: Terje Aarset (2006–2009), vara Katrin Lunde (2010–2011)

Møreforsking: Gunnar Stave (2009–2010), vara Geir Tangen (2006–2010)

Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–2010), vara Einar Opsvik (2009–2010)

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet: Ivar Berg (2010–2011), vara Hanne Siri Sund (2010–2011)

Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2010), vara Knut S. Vikør (2005–2010)

Universitetet i Oslo: Rolf Theil (2005–2010), vara Ålov Synnøve Runde (2009–2010)

Universitetet i Tromsø: Øystein Vangsnes (2010–2011), vara Aud Kirsti Pedersen (2008–2011)

#### *Kulturinstitusjonar*

Det Norske Samlaget: Margit Walsø (2010–2011), vara Tove Lie (2010–2011)

Det Norske Teatret: Erik Ulfssby (2010–2011), vara Kristin Eikli (1993–)

Sunnmøre Museum: Kari Hasle (2009–2010), vara Heidi Thöni Sletten (2007–2010)

#### *Målrorsle*

Noregs Mållag: Morten Søberg (2009–2011), vara Maria Kristine Svendsen (2009–2011)

Noregs Ungdomslag: Jens Kihl (2009–2011), vara Aud Solveig Malmedal (2009–2011)

Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Jan Magne Dahle (2003–2011), vara Astrid Myran Aarvik (2009–2011)

Vestmannalaget: Ingvar Pilskog (2009–2012), vara Sissel-Anny Hjelmtveit (2009–2012)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
3. Oppnemne to styremedlemer med varamedlemer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrums.

I tillegg drøftar rådet aktuelle faglege spørsmål etter behov.

Rådsordførar var Morten Søberg, og sekretær var Ottar Grepstad. Søberg blei utnemnd til statssekretær i Finansdepartementet 17.12.2010 og sa då frå seg vervet i rådet.

Rådet hadde to vanlege møte og eit telefonmøte og handsama i alt 21 saker, mot 20 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene årstalen, Olav H. Hauge-senteret, Språkåret 2013, grunnlovsjubileet 2014, festspelstrategi og nye medstiftarar.

## 1.2 Styre

Styret har sju medlemer. Staten v/Kulturdepartementet utnemner fire medlemer og to varamedlemer i nummerert rekjkjefølge, rådet vel to medlemer og éin varamedlem, og dei tilsette vel éin medlem og éin varamedlem. Styret i 2010 var:

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
28.4.2006–24.3.2010*

Oddvar Haugland, Oslo, leiar (utnemnd første gongen 2006)

Målfrid Snørteland, Hafsfjord (utnemnd første gongen 2004)

1. varamedlem: Astrid Forland, Bergen (utnemnd første gongen 2006)

*Oppnemnde av Kulturdepartementet 24.3.2010–  
31.12.2013*

Reidar Sandal, Florø, leiar (utnemnd første gongen 2010)

Bente LaForce, Hamar (utnemnd første gongen 2008)

1. varamedlem: Torunn Hovland Ljone, Ulvik (utnemnd første gongen 2010)

2. varamedlem: Reza Rezaee, Oslo (utnemnd første gongen 2010)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet  
1.1.2008–31.12.2011*

Georg Arnestad, Sogndal (utnemnd første gongen 2008)

Sigrun Hogetveit Berg, Tromsø (utnemnd første gongen 2008)

*Vald av rådet 1.1.2008–31.12.2011*

Jon Fosse, Bergen (vald første gongen 2008)

*Valde av rådet 1.1.2010–31.12.2013*

Grete Riise, Bergen (vald første gongen 2010)

Varamedlem for rådsvalde styremedlemer: Terje Kjøde, Ørsta (vald første gongen 2006)

*Vald av dei tilsette 1.1.2010–31.12.2011*

Åshild Widerøe, Volda (vald første gongen 2008)

Varamedlem Gaute Øvereng, Volda (vald første gongen 2008)


Rådsordførar Morten Søberg møtte som observatør på møta, og sekretær var Ottar Grepstad.

Styret hadde fire vanlege møte, to telefonmøte og eitt skriftleg møte, og handsama i alt 71 saker, mot 64 året før. Utanom dei faste sakene budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding, og visjonsdokumentet var dei viktigaste sakene Olav H. Hauge-senteret, Språkåret 2013, Vinjefondet, Ivar Aasen-instituttet og langtidsplanar for ulike delar av drifta.

## 1.3 Administrasjon

Nynorsk kultursentrum hadde arbeidsavtale med 40 medarbeidrarar, mot 41 året før. Desse utførte 13,2 årsverk mot 13,1 i 2009. Av dette stod dei fast tilsette for 9,6 årsverk, mot 10,1 i 2009. Medarbeidrarar på særlege tiltak utførte 0,3 årsverk og frivillige 0,2 årsverk slik at samla arbeidsinnsats i 2010 var 13,7 årsverk.

**Figur 1. Betalte årsverk 2000-2010**



Desse 12 var fast tilsette eller tilsette i vikariat:

Ottar Grepstad, direktør  
 Kjersti Markegård Bae, formidlingsleiar  
 Magni Hjertenes Flyum, administrasjonssjef  
 Milan Ilic, kjøkkenleiar  
 Knut-Johann Skogstrøm Jørgensen, driftsleiar  
 Kirsti Langstøy, bibliotekleiar  
 Endre Lauvstad, vikar driftsleiar  
 Ingrid I. Opedal, tunvert  
 Åshild Widerøe, programansvarleg  
 Gaute Øvereng, informasjonsleiar  
 Anders Aanes, dokumentasjonsleiar (engasjement, fast tilsett frå 15.9.)  
 Oddny Nupen Aarfot, administrasjonssekretær

I gjennomsnitt gjekk overtid pr. fast tilsett ned frå 68 timer i 2009 til 59 timer i 2010.

Desse 21 var tilsette i engasementsstillingar og utførte 4208 timeverk, mot 4667 timeverk året før:

Marit Lid Bjerkvik  
 Maria Bjørlykke Brandsæter  
 Cato Brunstad  
 Siri Beate Gjerde  
 Anne F. A. Guldbrandsen  
 Eli Randi Henjum  
 Solveig Styve Holte  
 Zorica Kosacic  
 Sivert Krøvel  
 Stina Aasen Lødemel  
 Lars Ivar Nordal  
 Øystein H Opedal  
 Åsmund H Opedal  
 Yngvil Amelia Runde  
 Solveig Skrede  
 Grunde Andreas G. Thorheim  
 Camilla Auolem Vik  
 Ingeborg Widerøe

Heidi Ørstavik  
 Aslaug Marit Øyehaug  
 Åsne Burgess Øyehaug

Desse åtte var engasjerte til elevfram-  
 syningane *Det undrande språket* og *Katta i sek-  
 ken*:

Christian Eriksen  
 Unn C. Fyllingsnes  
 Runar Gudnasson  
 Eirik Helleve  
 Solveig Styve Holte  
 Aslak Strønen  
 Heidi Alice Aarset  
 Terje Torkildsen

Det samla engasjementet for desse ut-  
 gjorde 65 dagsverk, mot 80 året før. I tillegg  
 utgjorde tilboda i Den kulturelle skulesekken  
 lokalt 16 eksterne dagsverk.

Leif-Arne Svellingen hadde praksisplass  
 for attføring i 50 % stilling i fem månader,  
 og éin person utførte samfunnsnyttig teneste  
 gjennom Kriminalomsorga.

Frivillige utførte 0,2 årsverk, som i 2009.

#### 1.4 Verneombod

Kjersti Markegård Bae var verneombod.

#### 1.5 Rekneskap og revisjon

Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i  
 Volda. Revisor var Hovden & Vatne Stats-  
 autoriserte Revisorar AS v/ Arvid Hovden.

#### 1.6 Stiftingar og aksjeselskap

Nynorsk kultursentrum er støttestiftar i Stif-  
 tinga Rasmus Løland-markeringa 2007–  
 2011.

Nynorsk kultursentrum eig aksjar for  
 50 000 kr i Allkunne AS.

#### 1.7 Lokalt lønssystem og avtale om inkluderande arbeidsliv

Nynorsk kultursentrum og Forskarforbun-  
 det har avtale om eit lokalt lønssystem som  
 gjeld for alle tilsette, og som byggjer på al-  
 ternativ B i museumsovereinskomsten i  
 HSH.

Nynorsk kultursentrum har signert sam-  
 arbeidsavtale om eit meir inkluderande ar-  
 beidsliv med Arbeids- og velferdsetaten. På  
 denne måten systematiserer vi arbeidet med  
 å sikre eit godt arbeidsmiljø betre.

## 1.8 Medlemskapar

Nynorsk kultursentrum var medlem av desse 18 institusjonane og organisasjonane:

- Nynorsk Forum (frå 1997)
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk Kulturhusnettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Norge (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Norske festivaler (frå 2005)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)
- HSH (frå 2008)
- Norsk Barneblad (frå 2008)
- Litteraturnettverket (frå 2008)
- HSH-nettverk for administrasjonssjefer (frå 2010)
- HSH-nettverk for museumsdirektører (frå 2010)
- Hanen, nettverk for bygde- og gardsturisme (frå 2010)

## 1.9 Verv og representasjon

Tilsette hadde verv og representasjonsoppgåver i 22 styre, råd og utval:

- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–2010)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Styringsgruppe for hundrearssoga til Det Norske Teatret: Ottar Grepstad (2006–)
- Språkrådet: Ottar Grepstad, styremedlem 2006–2010, styreleiar 2010–2014
- Musea i Møre og Romsdal: Ottar Grepstad, styremedlem (2007–2010)
- Norske Festivaler: Åshild Widerøe, medlem og fungerande leiar (2007–2009)

- Rådet for Falturiltu barnelitteraturfestival: Kjersti Markegård Bae (2010–)
- Ørsta Reiselivslag: Magni Hjertenes Flyum (varamedlem 2008–2010)
- Fehn-forum: Magni Hjertenes Flyum (leiar), Ottar Grepstad (2008–)
- Allkunne: Ottar Grepstad, hovudredaktør (2007–), Kirsti Langstøyl, redaksjonsmedlem (2007–)
- Allkunne AS: Magni Hjertenes Flyum (styremedlem 2008–)
- Litteraturnettverket: Ottar Grepstad (leiar), Anders Aanes, Kirsti Langstøyl (2008–)
- Interimstyret Jon Fosse-arkivet: Ottar Grepstad (2008–)
- Norsk Barneblad, Magni Hjertenes Flyum (styremedlem 2009, styreleiar 2010–2011), Gaute Øvereng (varamedlem 2009–2011)
- Norsk Barneblad: Audhild Gregoriusdotter Rotevatn (vararådsordførar 2009–2011)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre: Magni Hjertenes Flyum, styremedlem (2009–2011)
- Norsk bibliotekforening, avd. Møre og Romsdal: Kirsti Langstøyl, styremedlem (2009–2011)
- Fagrådet for Vingefondet: Magni Hjertenes Flyum (leiar 2010–2011)
- Seksjon for museumsledelse i Norges Museumsforbund: Magni Hjertenes Flyum (styremedlem 2011–2011)
- Trus- og livssynspolitisk utval, oppnemnt av tregjeringa Stoltenberg II: Ottar Grepstad (medlem 2010–2012)
- Referansegruppe for nytt kulturhus i Volda: Ottar Grepstad (2010–)

## 1.10 Nynorsk Forum

Nynorsk Forum er eit samarbeidsorgan for 24 nasjonale, nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Forumet arbeider særleg med erfaringsutveksling, kompetanseutvikling og samordning av tiltak, ikkje minst prioriteringar i dei årlege statsbudsjetta. Vi leidde også i 2010 arbeidet.

Nynorsk Forum hadde fire møte og handsama i alt 27 saker. Dei viktigaste saker-

ne var nynorskprioriteringar i statsbudsjettet, oppfølging av språkmeldinga, Nasjonal digital læringsarena, prosjektleiing og språkdelte lærebøker.

Statsråd Anniken Huitfeldt var med på møte i Nynorsk Forum i juni. I oktober arrangerte Nynorsk Forum eit eige møte for medarbeidarar i medlemsinstitusjonane som arbeider med nettpublisering.

### **1.11 Fehn-forum**

Seks museum har byggverk skapte av Sverre Fehn. Desse ligg i Horten, Oslo, Hamar, Alvdal, Ørsta og Fjærland. Musea møtest til vanleg minst ein gong i året, og administrasjonssjef Magni Hjertenes Flyum leier forumsarbeidet. Føremålet er å sikre erfaringsutveksling for førebyggjande tiltak, utvikle kompetanse, samarbeide om marknadsføring og eventuelt utvikle felles produkt.

Forumet hadde ingen møte i 2010.

### **1.12 Litteraturnettverket**

I samsvar med avtale med ABM-utvikling etablerte Nynorsk kultursentrum 7.11.2008 Litteraturnettverket. Dette skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrkjer litteraturens plass i Noreg. Ved årsskiftet var 20 driftseininger ved 15 litterære museum med. Nettverket hadde to møte, i Ringsaker og Hamarøy.

### **1.13 Ivar Aasen-instituttet**

For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartner. Omfanget av samarbeidet vil variere over tid. I 2010 gjorde vi ein treårig samarbeidsavtale med instituttet, og alt første året viste dette att i form av fleire arrangement og tiltak.

### **1.14 Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa**

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa rettar seg først og fremst inn mot lærarar, Nynorsk kultursentrum mot elevane. Denne arbeidsdelinga blei praktisert også i 2010, men utan fellesprosjekt. Fagrådet i si opphavlege form hadde sitt siste møte dette året.

### **1.15 Andre samarbeidspartnarar**

Nynorsk kultursentrum representerer ein komplett abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målrettta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over. Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk.

Denne utoverretta verksemda kravde svært mykje arbeids- og reisetid i 2010.

### **1.16 Planar som styringsreiskap**

Nynorsk kultursentrum har utvikla og reviderer regelmessig desse ni langtidsplanane som styringsdokument for verksemda (siste vedtak i parentes):

- Sikring og bevaring (2010)
- Samling og dokumentasjon (2009)
- Utstilling og formidling (2009)
- Digitale tenester (2010)
- Dei nynorske festspela (første gong 2008)
- Kulturprogram (første gong 2009)
- Marknadsføring og informasjon (2010)
- Butikk (2009)
- Kafé (2010)

Alle planane blir drøfta og godkjende av styret, dei fleste med to års mellomrom.

## 2. Ivar Aasen-tunet

Ivar Aasen-tunet er eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter for nynorsk skriftkultur, og eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Målt i tal tilsette er Ivar Aasen-museet det største litterære museet i landet, og vi er framleis det einaste språkmuseet i Norden.

### **2.1 Verksemد**

Ivar Aasen-tunet er både arkiv, bibliotek og museum, produserer utstillingar og utviklar eit breitt kulturprogram, driv Dei nynorske festspela og fleire nettstader, har kafé og butikk som ein svært viktig del av publikumstilbodet, som også femner om mange andre tenester.

### **2.2. Mål og strategi**

Verksemda følgjer den strategien som er nedfelt i visjonsdokumentet, sjå kap. 2 i styrets årsmelding.

Driftsgrunnlaget er å vere den viktigaste formidlaren av nynorsk identitet og sjølvtillit. Ivar Aasen er ei merkevare for Ivar Aasen-tunet. Ingen kan fortelje hans historie på den måten vi kan, og signaturen hans pregar hovudbygningen vår.

Måla er å gjøre det lettare å vere nynorsk-brukar, styrke den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane, og å skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur. For åra 2009–2012 er målet å gjøre Ivar Aasen-tunet *Ein kulturinstitusjon i dialog med mange land*. Dette gir retninga for verksemda fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Slagordet *Ivar Aasen-tunet – målet for alle* har vore i bruk sidan sommaren 1999.

### **2.3 Bygningar og uteområde**

Nynorsk kultursentrum eig fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterkt inntrykk på mange.

Hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet er heidra med A. C. Houens fonds diplom for

framifrå byggjekunst. Dette er ein av dei vakraste og mest særmerkte bygningane i landet, med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn blei prioritert høgt også i 2010.

Stabburet skriv seg truleg frå før 1800 og er det einaste huset frå Ivar Aasens tid som enno står i tunet. I 2010 blei bygningen tømd og rydda. Før publikum slepp inn, må golvet forbetraast noko i samsvar med antikvariske retningslinjer 2010.

Arbeidet med å utbetre Jostein Nerbøvik-plassen og tilkomstvegen frå Indrehovdevegen blei fullført våren 2010 i form av finpus sing, innanfor fastsett budsjett og tidsplan.

I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde vi også dette året kontakt med arkitektfirmaet Hille & Strandskogen. Henrik Hille og Ervin Strandskogen var dei nærmaste medarbeidarane for Sverre Fehn i arbeidet med Ivar Aasen-tunet 1996–2000. Samarbeidet sikrar at særtrekka i tunet blir ført vidare og ikkje skipa.

### **2.4 Forankring**

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. Det blei halde kontaktmøte med vertskommunane og fylkeskommunen våren 2010. Ivar Aasen-tunet samarbeider både med kommunar, skular og næringsliv i begge vertskommunane, og det er tydeleg at mange ser på Ivar Aasen-tunet som ein viktig institusjon.

Nasjonalt har verksemda i Ivar Aasen-tunet vunne tillit og respekt, og Ivar Aasen-tunet er blitt ein nasjonal institusjon. Institusjonen er blitt ein stad å vende seg til med fagspørsmål, lån av utstillingar, erfaringsutveksling og språk- og litteraturpolitisk dokumentasjon.

### **2.5 Organisering**

Ivar Aasen-tunet har 11 fast tilsette – direktør, fire kulturfaglege og seks driftsfaglege medarbeidarar.

### **2.6 Økonomi**

Ivar Aasen-tunet auka omsetninga med 8 % frå 13,7 millionar kr i 2009 til 14,4 millionar kr i 2010. Utan finansinntekter gav dette eit

resultat på 234 000 kr. Den økonomiske utviklinga er utdjupa i kap. 14.

## 2.7 Innhold

Verksemda er utdjupa i kap. 6–12.

# 3. Olav H. Hauge-senteret

Etter forhandlingar og avtale med Olav H. Hauge-stiftinga tok Nynorsk kultursentrum i 2010 på seg ansvaret for å utvikle, etablere og drive Olav H. Hauge-senteret i det rehabilerte heradshuset i Ulvik sentrum. Dette er den einaste museumssamanslåinga som kryssar to fylkesgrenser og ei av dei få som byggjer på fagleg fellesskap.

## 3.1 Avtalar

Styra i Olav H. Hauge-stiftinga og Nynorsk kultursentrum vedtok 24.3. samrøystes intensjonsavtale om samanslåing. Dei same styra vedtok 16.8. samrøystes ein slik samanslåingsavtale som gjeld for perioden 2011–2014. Denne inneber at Nynorsk kultursentrum frå 1.1.2011 har ansvaret for å utvikle, etablere og drive Olav H. Hauge-senteret i Ulvik. Frå same tidspunktet går Olav H. Hauge-stiftinga over i ei rolle som eigarstifting.

## 3.2 Strategi

Olav H. Hauge-senteret skal vere eit dokumentasjonssenter for Olav H. Hauges liv og verk, og for lyrikk i vid forstand. Senteret skal arbeide med både norsk og utanlandske lyrikk.

## 3.3 Bygning og uteområde

Ulvik herad vedtok i 2007 å setje i stand det gamle heradshuset i Ulvik sentrum og stille delar av bygningen til rådvelde for Olav H. Hauge-senteret. Arbeidet blei avslutta hausten 2010. Olav H. Hauge-senteret disponerer om lag 150 m<sup>2</sup>, og deler fellesareal på 330 m<sup>2</sup> med andre leigetakrar.

## 3.4 Forankring

Venelaget Olav H. Hauge blei skipa i 1999, Olav H. Hauge-stiftinga i 2000. Begge har gjort eit verdfullt arbeid med å vinne tilslutting og leggje til rette for realisering av ideen om Olav H. Hauge-senteret. I 2010 vedtok både Ulvik heradsstyre og Hordaland fylkesting samrøystes å støtte samanslåingsavtalen mellom Nynorsk kultursentrum og Olav H. Hauge-stiftinga.

## 3.5 Organisering

Det følgjer av samanslåingsavtalen at Olav H. Hauge-senteret blir ei driftsavdeling i Nynorsk kultursentrum på linje med Ivar Aasen-tunet.

## 3.6 Økonomi

Olav H. Hauge-stiftinga hadde det økonomiske ansvaret for drifta i 2010. Stortinget, Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad vedtok hausten 2010 samrøystes å løyve driftsmidlar til Olav H. Hauge-senteret for 2011.

## 3.7 Innhold

På oppdrag frå Olav H. Hauge-stiftinga fullførte Guro Ljone i august 2010 forprosjektrapporten – *Kjem T'ao Ch'ien på vitjing ein dag*.

Eit utkast var på høyring våren 2010.

Nynorsk kultursentrum la i høyringsfråseagna si vekt på at ideen om eit internasjonalt poesisenter er godt presentert, prosjektet treng ei tydeleg forståing av kva slags Hauge-bilete senteret bør formidle, språklege perspektiv for verksemda vil styrke det museumsfaglege grunnlaget, det blir viktig å identifisere kritiske faktorar for drifta av eit såpass lite museum, og at ettertida vil setje pris på om prosessen like fram til 2010 er grundig dokumentert i eige kapittel og ymse vedlegg

Hausten 2010 utarbeidde Ljone i samråd med Nynorsk kultursentrum dokumentasjonen *Olav H. Hauge-relatert materiale*.

# 4. Vinjefondet

Vinjefondet skal styrke nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på ny-

norsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar.

I 2010 blei det for første gong delt ut prosjektmidlar. 775 000 kr blei fordelt på tre prosjekt i Telemark, Oslo og Hordaland. Av desse løyvingane blei 500 000 kr utbetalte i 2010.

#### 4.1 Retningslinjer

Styret vedtok hausten 2009 retningslinjer som Kultur- og kyrkjedepartementet godkjende og som gjeld frå 1.1.2010. Vinjefondet skal styrke nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemnd på nynorsk, og medverke til større rekruttering av nynorskbrukande journalistar. Fondet skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, vere med og gjere nynorsk til eit sjølvsagt språk i alle typar media, og stimulere utgivarar og redaktørar til å engasjere og tilsetje fleire nynorskbrukarar i ulike media.

Departementet skal godkjenne eventuelle seinare endringar, og retningslinjene blir vurderte i 2012.

#### 4.2 Organisering

Styret i Nynorsk kultursentrum svarar for bruken av midlane.

Styret oppnemner eit fagråd som gir ei grunngitt innstilling til styret om bruken av midlane kvart år. Medlemene blir oppnemnde for to år om gongen, avgrensa til åtte år i alt for kvar medlem. Rådet skal dekkje både pressefagleg og språkfagleg kompetanse, særleg utgivar/redaktør, journalistikk, utdanning og forsking, og språkpolitikk.

Administrasjonen i Nynorsk kultursentrum legg til rette for fagråd og styre.

Styret oppnemnde våren 2010 dette fagrådet for åra 2011–2011:

- Magni Hjertenes Flyum, Eid (leiar)
- Tomas Bruvik, Husnes
- Aagot Opheim, Trondheim
- Leiv Arve Røssland, Bergen
- Sverre Liestøl, Volda (varamedlem)

Rådet hadde eitt møte.

#### 4.3 Økonomi

Av ei løyving på 500 000 kr i 2009 blei 481 000 kr overførte til 2010. Saman med ei løyving for 2010 på 500 000 kr rådde Vinje-

fondet dermed over 981 000 kr dette året.

775 000 kr blei disponerte til løyvingar i 2010, og av dette blei 500 000 kr utbetalt. Vinjefondet hadde ei omsetning på 548 000 kr. Administrasjonskostnadene utgjorde 48 000 kr, eller 9 %.

Ubundne midlar på 166 000 kr blei overførte til 2011.

#### 4.4 Tildelingar

Midlar frå Vinjefondet blei lyst ut for første gong i 2010, med søknadsfrist 15.11. Det kom inn åtte søknader frå fire fylke med ein samla søknadssum på 2,6 millionar kroner. Etter innstilling frå fagrådet løyde styret i Nynorsk kultursentrum 775 000 kr til tre tiltak:

- Telemarkavisa, Skien: 375 000 kr til omkulering til skrivande journalist
- Sunnhordland, Stord: 200 000 kr til meir nynorsk i avis
- Framtida.no, Oslo: 200 000 kr til ”Unge røyster i eit valår”

### 5. Språkåret 2013

Ideen om Språkåret 2013 har vore under utvikling sidan 2003. Hausten 2010 gav regjeringa Stoltenberg si tilslutning til ideen, og Nynorsk kultursentrum fekk 700 000 kr til å utvikle ein plan for 2013 som nasjonalt språkår.

#### 5.1 Bakgrunn

I 2013 ville stiftaren av nynorsk ha fylt 200 år, og ei av dei viktigaste scenene for nynorsk – Det Norske Teatret – fyller 100 år. 2013 er ein eineståande sjanse for Nynorsk kultursentrum og Det Norske Teatret til å gjennomføre eigne planar på eigne premisser, med eit minimum av ekstrainnsats gi dette dobbeltjubileet ein høg, raus himmel, og å tilføre meirverdi til språksamfunnet Noreg.

Styre og råd har sidan 2003 drøfta ei rekje saker under overskrifta ”Perspektiv 2013”. Ideen om Språkåret 2013 tok form vinteren 2007, med positivt grunnvedtak i styret i mars 2007. Våren 2008 slutta rådet

seg samrøystes til dette. Då prioriterte også eit samla Nynorsk Forum Språkåret 2013 som det viktigaste nye nynorsktiltaket nett-opp fordi det var eit tiltak som gjekk langt ut over det nynorske. I møte 17.12.2009 slutta styret i Det Norske Teatret seg til planane.

Vi har presentert ideen for kulturkomiteen i Stortinget og for fleire statsrådar, og sokte både for 2009 og 2010 om utviklingsmidlar til prosjektet.

## 5.2 Strategi

Regjeringa Stoltenberg gjorde slikt vedtak 12.11.2010:

”Kulturdepartementet har sett av kr 700 000 til eit utviklingsprosjekt for å gjera 2013 til eit nasjonalt språkår

Tiltaket er basert på eit initiativ frå Nynorsk kultursentrums, som også får hovudansvaret for utviklingsprosjektet

Den direkte bakgrunnen er at det i 2013 er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd og 100 år sidan Det Norske Teatret vart opna

Ideen om eit språkår i 2013 har fått samla tilslutning frå Nynorsk Forum, eit samarbeidsorgan for i alt 24 nynorske institusjonar, organisasjonar og bedrifter

Språkåret 2013 skal bidra til å skapa større språkleg sjølvkjensle blant nynorskbrukarar og større aksept og respekt for den språkdelte norske kulturen i alle lag av folket

Tanken er dessutan at dette tiltaket skal ha eit mykje vidare siktigmål enn det nynorske; det skal handla både om *norsk språk generelt* og om *språk i Noreg*

Dermed vil Språkåret 2013 få eit meir heilskapleg innhald, i tråd med perspektivet og rammene for den nye språkpolitikken som er skissert i regjeringa si språkmelding, som Stortinget slutta seg til i 2009

Dette betyr at Språkåret 2013 skal handla om både bokmål og nynorsk, teiknspråk, urfolksspråk, minoritetsspråk og innvandrar-språk

Det er også eit mål å gje Språkåret eit internasjonalt tilsnitt og slik sjå den norske språksituasjonen i eit større, samanliknande perspektiv

Formålet med utviklingsprosjektet som departementet no har gitt midlar til, er å

greia ut føresetnadene for og innhaldet i Språkåret meir i detalj

Her vil det vera eit viktig mål å få med også tunge aktørar utanfor dei nynorske miljøa som aktive medspelarar i den vidare planlegginga”.

## 5.3 Organisering

Med regjeringsvedtaket la styret i Nynorsk kultursentrum bort ideen om ei eiga stifting. I staden blir det skipa ei styringsgruppe for prosjektet og engasjert prosjektleiar til å utvikle planane for Språkåret 2013.

## 5.4 Økonomi

Med løvinga hausten 2010 har Nynorsk kultursentrum midlar til å planleggje Språkåret 2013. Vidare finansiering vil vere avhengig av strategi, organisering og omfang.

## 5.5 Innhald

Alle som ønskjer å vere med på feiringa, må kjenne seg raust velkomne. Vi må sleppe dei mange lokale initiativa laus, sjølv om dei ikkje veit alt dei burde vite verken om Ivar Aasen, Det Norske Teatret eller språk.

Berre gjennom dei drøftingane vi har hatt i vår regi, og utan at innhald har stått spesifikt på nokon sakliste, har det kome fram bort imot 30 større tiltak som kan vere aktuelle for 2013. Når dette tek laus, kjem det til å bli mykje. Myldring som strategi vil gi mange arrangement. Språkåret 2013 bør innehalde minst 2013 arrangement.


## 6. Samling, dokumentasjon og formidling

Dokumentasjons- og formidlingsarbeidet var svært utoverretta også i 2010, og vi var involverte fleire stader og i fleire prosjekt enn nokon gong før. Dette kravde mykje av dei tilsette, men gjekk ikkje ut over kvaliteten.

Tilsette publiserte 64 artiklar, skrifter og foredrag, mot 61 året før. Direktøren heldt årstale nr. 10 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. *Med språket som innsats handla*

om dei nynorske lokalavisene og vilkåra for nynorskpressa i dag.

**Figur 2. Representasjon og foredrag  
2001-2010**




Tilsette representerte ved 132 eksterne tilstellingar, mot 113 året før, jf. figur 2.

## 6.1 Samlingsforvaltning

Gjennom året auka samlingane med 1124 gjenstandar. Den 1.1.2011 hadde vi såleis 62 726 gjenstandar. Figur 3 viser utviklinga fra 2000. Veksten i gjenstandar skriv seg primært frå digitale foto, som vi fekk 830 fleire av.

**Figur 3. Gjenstandar i alt 2000-2010**




Omgrepet *gjenstandar* er brukt om tilvekst av trykte skrifter, arkivmateriale, audiovisuelle medium, tradisjonelle gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Av samlingane totalt var 16 659 gjenstandar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, mot 16 169 i 2009. 27 % av samlingane er no tilfredsstillande registrerte, mot 26 % i 2009. Figur 4 viser utviklinga frå 2002.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Samlinga av kulturhistoriske gjenstandar auka totalt med 293 gjenstandar i form av 288 trykte skrifter og fem cd-ar og dvd-ar. Vi hadde ingen tilvekst av tradisjonelle gjenstandar eller arkivmateriale, men i

tillegg til alle fotografi kom det til ein kunsthistorisk gjenstand. Fotografi var hovudsakleg frå Dei nynorske festspela og av Ivar Aasens gjenstandar.

**Figur 4. Gjenstandar tilfredsstillande registrerte 2002-2010**



Biblioteket kjøpte i 2010 inn 145 trykte skrifter og 5 cd-ar og dvd-ar, og abоннerte på 59 tidsskrift og årboker. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk vi 140 trykte skrifter i gave.

Biblioteket hadde totalt 495 utlån i 2010. Samlingane våre blei brukte av tilsette og i samband med utstillingar, og vi hadde i tillegg utlån og sende kopiar til andre bibliotek. Det var også eksterne brukarar som kom til Aasen-tunet for å bruke samlingane på staden.

Bibliotekdelen av samlingane er blitt registrert i BIBSYS-basen sidan 2001. Ny tilvekst som innkjøp og gåver blir jamleg registrert, og den prioriterte delen av Djupedal-samlinga faglitteratur, periodika, sørprent og småtrykk er ferdig registrert. Totalt 8615 eksemplar i Djupedal-samlinga var å finne i BIBSYS ved årsskiftet. I tillegg kom 5349 trykte skrifter og av-medium som utgjer tilveksten til samlingane elles sidan 2001. Til saman gir dette 19 313 eksemplar i BIBSYS.

Arkivmateriale blir det brukt lite tid på å registrere. Vi har ikkje arkivprogrammet ASTA, og har førebels ikkje tenkt å skaffe det.

Samlinga av tradisjonelle gjenstandar skal registrerast i dataprogrammet PRIMUS. No er kjernen i Aasen-samlinga registrert, men mykje arbeid står att.

Av plassgrunnar fører vi ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Vi tok ikkje imot større samlingar eller arkiv i 2010.

## 6.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

*Ivar Aasen-samlinga:* 227 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Revidert og fullstendig katalog for boksamlinga er i arbeid og blir publisert på nettstaden i 2011. Då vi tok over Ivar Aasen-museet i 2000, deponerte Sunnmøre Museum Aasen-samlinga for fem år i Ivar Aasen-tunet. Vi tok i 2005 initiativ til avtale om permanent overføring. Dette blei følgt opp av Sunnmøre Museum først i 2009, og av praktiske grunnar blei det då gjord ein ny deponiavtale.

*Reidar Djupedal-samlinga:* Samlinga på 34 500 band inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika frå ulike fagområde, mest språk- og litteraturvitenskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk. Rundt 19 400 band av desse er registrerte. I tillegg kjem 22 kartongar med aviser, blad og avisklipp.

*Sivert Aarflot-arkivet:* over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet har vore deponert i Ivar Aasen-tunet, og var avtalefesta fram til 2005. Dette blir følgt opp i 2011.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 147 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Samlinga er ordna alfabetisk i tre kategoriær: skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent, og inneheld også avisklipp. Deponiavtalen gjekk ut i 2010, og spørsmålet om deponering av den andre delen av samlinga skal avklaraast i 2011.

*Arkiv for norsk målreising:* Peder Hovdans arkiv med 153 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i kommunar, skulekrinsar og kyrkjesokn fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som har vore

deponert her sidan hausten 2005. Det Norske Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ordna av oss når vi har kapasitet, og det er aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

*Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005:* 155 kassettar og permar.

*Medieklippe:* Vi slutta å arkivere papirklipp våren 2005 og gjekk over til digital klippteneste, først frå iFoqus, seinare frå Retriever. Desse klippa blir ikkje arkiverte.

## 6.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrums byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2010 kjøpte vi eitt kunstverk. Ved utgangen av året eigde vi dermed 45 kunstverk.

## 6.4 Sikring og bevaring

Arbeidet blei følgt opp på grunnlag av *Sikrings- og bevaringsplan nr. 3 2010–2012*. Prioriterte sikrings- og bevaringstiltak blei gjenomførte. I 2010 arbeidde vi fram ein plan for renovering av gjenstandsmagasinet i Ivar Aasen-tunet. Denne føreset tilskot frå Norsk kulturråd i tillegg til eigenfinansiering.

## 6.5 Dokumentasjon og forsking

*Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2008–2011* låg til grunn for arbeidet i 2010.

Museum driv kunnskapsbaseret formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepene *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. Vi legg som før vår eigen definisjon til grunn: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidingsa kan omfatte omtale, fagleg beskriving og analyse”.

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens

metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er kome i hus. Dokumentasjon femner såleis også om organisering og innsamling, ikkje berre bearbeiding.

Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

I 2010 var ni dokumentasjonsprosjekt i gang i eigen regi.

*Språkfakta 2010* av Ottar Grepstad er truleg den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av ein skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Publikasjonen blei lansert som e-bok 27.1.2010. Boka byggjer på dei tidlegare trykte publikasjonane *Nynorsk faktabok 1998* og *Nynorsk faktabok 2005*, men femner om alt språk i Noreg og ein del språk i Norden, Europa og andre verdsdelar.

*Nettbiblioteket* (2001), frå 2009 *Litteratur*, er den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk og dialekt frå fleire hundreår. Mot slutten av 2010 gjekk prosjektet Alfa mot ein slutt, der målet er å få inn fleire samtidstekstar på nettstaden. Om lag 30 forfattarar eller etterkomrar etter forfattarar blir spurde om løyve til å publisere utvalde tekstar og tekstuddrag.

*Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving.

*Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein bibliografi over skrifter av og om Ivar Aasen (frå 1841–2002) er publisert på aasentunet.no. Bibliografien vil bli oppdatert.

*Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk database som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring

av nynorske skulekrinsar, Blix-salmar, ny-norsk liturgi, Nynorsk Salmebok, vedtak om tenestemål og målform på informasjon frå Postverket.

*Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet.

*Historia om Ivar Aasen-museet* (frå 2003): Vidare dokumentasjon blei samla inn også i 2010.

*Digitalisering av Fedraheimen* (frå 2005): I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å publisere dei 14 årgangane av Fedraheimen i latinsk fulltekst på Internett. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Den samla tekstmengda er på om lag 25 millionar teikn, fordelt på meir enn 8000 artiklar. Prosjektet byggjer på eit nært samarbeid med Norsk Ordbok 2014, som har stått for digitalisering og korrektur, medan vi legg til rette for brukarvennleg publisering. Diverre blei prosjektet liggjande på is i 2010.

*Med språket som innsats – årstale nr. 10 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden av Ottar Grepstad for meir enn 70 tilhøyrarar i Trondheim 22.9.2010. Talen handla om den nynorske pressehistoria og la fram ny dokumentasjon som syner kor viktige avisene har vore for utviklinga av nynorsk skriftkultur. Talen tok også opp mediestøttepolitikken og gav ei klar oppmoding til det mediestøtteutvalet som skulle gi si innstilling ved årsskiftet 2010/11.

I 2010 var fleire eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekt i gang med utgangspunkt i samlingane våre:

*Mastergrad i nynorsk skriftkultur* (frå 2002): Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både forelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

Dokumentasjonsleiar Anders Aanes ved Ivar Aasen-tunet fullførte i 2010 masteroppgåva si ved Ivar Aasen-instituttet, og brukte

samlingane i Ivar Aasen-tunet flittig i dette arbeidet.

*Norsk pressehistorie* (frå 2004): I august gav Ottar Grepstad ut boka *Avisene som utvida Noreg* på Det Norske Samlaget. Dette er den første samla framstillinga om nynorsk pressehistorie 1850–2010. Boka fekk gode kritikkar og blei kjøpt inn av Norsk kulturråd. Nytt opplag blei prenta vinteren 2011.

*Lista yver Ivar Aasen-boksamlingi*: Vi har byrja arbeidet med å få publisert lista over bøkene til Ivar Aasen, som blei laga av fakultetsbibliotekar Kaare Haukaas i si tid. Lista er digitalisert, men formateringa må endrast og teksten klargjerast før digital publisering i 2011.

I november forsvarte Denis Domratsjev frå Universitetet i St. Petersburg avhandlinga si om språk og identitet i Noreg. Avhandlinga er skriven på russisk. Han brukte materiale frå Ivar Aasen-tunet i arbeidet sitt.

I november forsvarte Anders Aschim biografien om Elias Blix for doktorgraden ved Universitetet i Tromsø. Aschim brukte materiale frå Ivar Aasen-tunet i arbeidet sitt.

## 6.6 Innsamlingsstrategi for bruksgrafikk

Styret drøfta i 2010 for første gong ein strategi for innsamling og dokumentasjon av nynorsk bruksgrafikk.

Bruksgrafikk er skrift og bilete brukt i kvardagen til emballasje, skilt, plakatar, omslag, pengesetlar, frimerke, reklame, ymse anna aksidenstrykk. Dette er brukskunst: Bruksgrafikk står til grafikk som brukslyrikk til lyrikk og høvesdiktning til dikting: Den er knytt til høve og laga for bruk. Dette er særlig interessant i eit skriftkulturperspektiv. Bruksgrafikken representerer andre område for bruk av skrift og språk enn dei som gjeld bøker, aviser, blad, Internett. Med dette vil vi også kunne dokumentere andre sider ved nynorsk skriftkultur enn dei tradisjonelle og meir litterære.

Å opne for arbeid i dette feltet vil vere å tilføre Ivar Aasen-tunet kompetanse på eit nytt område, gi samlingane våre større breidd og styrkje det unike ved verksemda vår. Vi kan ikkje rekne med at andre alm-institusjonar gjer noko liknande. Bruksgrafikk med tekst på nynorsk og dialekt vil vere

viktig for å dokumentere korleis eit skriftspråk blir brukt i ulike samanhengar, og kvar det eventuelt ikkje blir brukt. Dessutan kan bruksgrafikk vise korleis også ein moderne skriftkultur ber i seg både det visuelle og det grafiske, slik tilfellet har vore gjennom all skriftkultur like frå dei første grafiske biletene for om lag 35 000 år sidan.

Å samle inn bruksgrafikk kan vere samtidsdokumentasjon, men treng ikkje vere det. Eldre bruksgrafikk er mogleg å samle, men meir krevjande av di slike som ofta blir kasta.

Det første prosjektet var sommarutstillinga *Ivar Aasen i bruk* med bruksgrafikk samla av Jostein O. Mo. Vi fotograferte eit utval av gjenstandane til bruk i ei seinare nettutstilling.

Strategien blir konkretisert i arbeidet med ny samlings- og dokumentasjonsplan fram mot vedtak i 2012.

## 6.7 Nynorskbasen

Som ein del av arbeidet med det prosjektet som i 2008 fekk namnet *Allkunne*, har vi sidan sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*. Dette er ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2010 var det registrert informasjon om 3606 personar. Dette året blei det ikkje prioritert å oppdatere dette dokumentet. 16 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2831 personar, for intern bruk.

## 6.8 Artikkelarkivet

Det artikkelarkivet vi tok til å byggje opp i 2001, blir frå og med 1.1.2011 ikkje systematisk bygt ut vidare, men får tilfeldig tilvekst. Dette har frigjort arbeidstid, men også gjort det vanskelegare å halde aktualitetshylla i basisutstillinga a jour og kan påverke arbeidet med nye temautstillingar.

## 6.9 Foredrag og samtalar

Tilsette heldt i 2010 33 større foredrag og presentasjonar, mot 27 i 2009. Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

Kjersti Markegård Bae: "Språkfakta 2010". Presentasjon for Nasjonalt fagråd for norsk som andrespråk, Ivar Aasen-tunet 4.3.

– : "Det ligg mellom linjene". Presentasjon på idétorg under Det nasjonale museumslandsmøtet i Trondheim 9.9.

– : Presentasjon av barnehagetilbodet fra Ivar Aasen-tunet på ope møte i regi av Ørsta Mållag, Ivar Aasen-tunet 2.11.

– og Anders Aanes: Presentasjon av Nynorsk kultursentrums for Fylkesmuseet i Sogn og Fjordane, Ivar Aasen-tunet 10.11.

Ottar Grepstad: "Språkfakta 2010". Presentasjon ved lansering av *Språkfakta 2010*, Ivar Aasen-tunet 27.1.

– : "Samlaget i den nynorske fellesskapen". Innleiing på styremøte i Det Norske Samlaget, Oslo 1.2.

– : "Språkfakta 2010". Presentasjon for NRK Nynorsk mediesenter, Ivar Aasen-tunet 22.2.

– : "Samarbeid på nynorsk". Innleiing på internseminar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Oslo 26.2.

– : "Literary history and literary canons in a bilingual written culture – some experiences from Norway". Paper til konferansen The European Literary Canons, Petöfi Literary Museum, Budapest 5.3.

– : "Feiring av forskjellar". Landsmøtetale på landsmøtet i Norsk Målungdom i Ørsta 21.3.

– : "Språkfakta 2010". Presentasjon på landsmøtet i Noregs Mållag på Stiklestad 16.4.

– : "Språkåret 2013". Presentasjon i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret i Oslo 22.4.

– : "Prinsipp for moderne leksikon". Innlegg på møte om leksikonpolitikk i regi av Fritt Ord i Oslo 6.5.

– : "Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede". Biletkåseri i Det Norske Samlaget 1.6.

– : "Kunnskap for å skape politikk". Innleiing på Kulturdepartementets seminar "Hva vet vi for lite om i norsk kulturpolitikk?" i Oslo 7.6.

– : "Ivar Aasens lyse von". Foredrag på Oslo Mållags forfattarkveld i Maridalen kirke i Oslo 13.6.

– : "Ivar Aasens endelause reise". Ved Ivar Aasen-statuen i Ørsta 24.6.

– : "Ein arv til å vise fram". Helsing på festlunsj ved tiårsjubileet for Ivar Aasen-tunet 24.6.

– : "Dette er Ivar Aasen. I år: Reisene". Dei nynorske festspela, Ørsta 26.6.

– : "Med språket som innsats". Årstale nr. 10 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Trondheim 22.9.

– : "Avisene som utvida Noreg. Ei illustrert forteljing om jag etter pengar, grenselaus idealisme og svik mot sine eigne". Ivar Aasen-tunet 6.10.

– : "Litterær formidling i ei visuell og digital tid". Opningsforedrag på konferanse for litterære museum og komponistheimar i Norden, Lillehammer 8.10.

– : "Lunden & Lunden i nynorsk skriftkultur". Opningsforedrag på konferanse på festdag for Kåre Lunden og Eldrid Lunden, Naustdal 9.10.

– : "Gledene ved endring og konflikt". Avslutningsforedrag på ABM-konferansen 2010, Oslo 12.10.

– : "Avisene som utvida Noreg. Ei illustrert forteljing om jag etter pengar, grenselaus idealisme og svik mot sine eigne". Kurs for NRK Nynorsk mediesenter, Ivar Aasen-tunet 13.10.

– : "Det nye kulturrådets demokratiske rolle i kulturpolitikken". Innleiing på konferansen Kulturrikets tilstand i Oslo 20.10.

– : "Journalistikk på nynorsk". Innleiing i Kringkastingsrådet, Oslo 21.10.

– : "Avisene som utvida Noreg. Ei illustrert forteljing om jag etter pengar, grenselaus idealisme og svik mot sine eigne". Dei nynorske mediedagane, Oslo 21.10.

– : "Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret". Presentasjon for Ulvik formannskap, Ulvik 2.11.

– : "Avisene som utvida Noreg. Ei illustrert forteljing om jag etter pengar, grenselaus idealisme og svik mot sine eigne". Haustseminar i Norsk Målungdom, Eidsvoll 5.11.

– : "Ivar Aasen-tunet og Olav H. Hauge-senteret". Presentasjon på forfattarmøte i Den grøne kafé, Ulvik 21.11.

– : "Avisene som utvida Noreg. Ei illustrert forteljing om jag etter pengar, grenselaus idealisme og svik mot sine eigne". Norsk Ordbok 2014, Oslo 16.12.

Anders Aanes: Presentasjon av samlings- og dokumentasjonsplan, samling nr. 5 i Literaturnettverket, Hamarøy 27.8.

### 6.10 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no). Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning.

Det kom ingen nye nummer i 2010.

### 6.11 Bøker og andre skrifter

Til tiårsjubileet for Ivar Aasen-tunet 24.6.2010 laga vi kladdeboka *Ivar Aasen-tunet 10 år* med kort innleiringstekst av Ottar Grepstad.

Tilsette publiserte i 2010 31 bøker og signerte artiklar i aviser og tidsskrift, mot 34 i 2009.

Ottar Grepstad: *Språkfakta 2010*. E-bok, [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) 27.1.2010  
– : *Avisene som utvida Noreg. Nynorskpressa 1850–2010*. Det Norske Samlaget 2010 (370 sider)  
– : "Tilsig og oppkome", i *Skriftfest. Einar Økland 70*, Det Norske Samlaget 2010  
– : "Utskild og integrert: nynorsk presse 1880–1945", i Rune Ottosen (red.): *Norsk presses historie 1660–2010*, band 2, Oslo 2010, s. 195–225

– : "Integrert og alminneleg: nynorsk presse 1945–2009", i Guri Hjeltnes (tred.): *Norsk presses historie 1660–2010*, band 3, Oslo 2010, s. 363–387

– : "Dølen", "Gula Tidend", "Norig" og "Unge Skud", i Idar Flo (red.): *Norsk presses historie 1660–2010*, band 4, Oslo 2010

– : "Ei lita norsk språkhistorie", i *Kulturbetrisk håndbok for Norge*, 3. utgåva, Norsk kulturarv og Aschehoug 2010

- : "Lommefakta om språk". *Ivar Aasen-almanakken 2011*
- : "Litterær luksus". Dagens Næringsliv 15.1.2010
- : "Læremiddelskandalen". Dagens Næringsliv 5.2.2010
- : "Den blinde flekken". Dagens Næringsliv 16.2.2010
- : "Fest for forskjellar". Dagens Næringsliv 22.2.2010
- : "Den redigerte røynda". Dagens Næringsliv 17.3.2010
- : "Politisk feilmelding". Dagens Næringsliv 12.4.2010
- : "Skavlan". Dagens Næringsliv 16.4.2010
- : "Imperiebyggjaren". Dagens Næringsliv 27.4.2010
- : "Kunnskap tek tid". Dagens Næringsliv 9.6.2010
- : "Det nye Kulturrådet". Dagens Næringsliv 20.7.
- : "Seierstad-problemet". Dagens Næringsliv 29.7.
- : "Noregs første reporter". Dagens Næringsliv 5.8.
- : "Fjernsyn på norsk". Aftenposten 10.8.
- : "Fosse-krafta". Dagens Næringsliv 10.9.
- : "Storprodusentar av språk". Dag og Tid 24.9.
- : "Mediepolitikk er språkpolitikk". Bergens Tidende 30.9.
- : "Ekspertmyten". Dagens Næringsliv 20.10.
- : "Språkfri mediepolitikk". Dagens Næringsliv 21.12.
- : "Farvel, historie?" Dagens Næringsliv 30.12.

Anders Aanes: "Valfridom i nynorsk – eit problem for eleven?", *Språkrådets skrifter nr. 1*

### 6.12 Fagleg representasjon

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 132 eksterne tilstellingar i 2010, mot 113 året før:

Kulturtorget i Molde 22.–23.1.: Kjersti Markegård Bae

Redaksjonsmøte i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 25.1.: Ottar Grepstad

Fellesmøte redaksjon og styre i Allkunne i Ivar Aasen-tunet 25.1.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøy

Forfattarmøte Allkunne på Høgskulen i Volda 25.1.: Ottar Grepstad

Lansering av nettutstillinga *Rekvistar for eit liv* på Bryne vidaregåande skule: Kjersti Markegård Bae

Lansering *Språkfakta 2010* i Ivar Aasen-tunet 27.1.: Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøl, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Oddny Nupen Aarflot

Styremøte i Det Norske Samlaget i Oslo 1.2.: Ottar Grepstad

Møte mellom Nynorsk Forum og Nasjonal digital læringsarena i Oslo 2.2.: Ottar Grepstad

Møte i fagrådet for Nynorzsenteret på Gardermoen 3.2.: Ottar Grepstad

Gründercamp for allmennlærarstudentar 2. året ved Høgskulen i Volda 3.–4.2.: Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøy, Gaute Øvereng

Samling nr. 4 i Litteraturnettverket på Prøysenhuset i Ringsaker 3.–4.2.: Ottar Grepstad, Anders Aanes

Arrangørkonferanse i regi av VRAK i Førde 4.2.: Åshild Widerøe

Møte med Hauge-stiftinga i Oslo 4.2. og 5.2.: Ottar Grepstad

Møte i Nynorsk Forum i Oslo 5.2.: Ottar Grepstad

Møte med Noregs Mållag i Ivar Aasen-tunet 8.2.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes

Kurs om kortreist mat i Molde 10.–11.2. : Milan Ilic

Redaksjonsmøte Allkunne i Oslo 16.2.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøy

Kurs for verneombod i regi av HSH i Oslo 16.–18.2.: Kjersti Markegård Bae, Magni Hjertenes Flyum

Kurs om arkivarbeid i museum på Lillehammer 22.–23.2.: Anders Aanes

Kursdag for NRK Nynorsk mediesenter i Ivar Aasen-tunet 22.2.: Ottar Grepstad, Kjersti Markegård Bae

Møte med Olav H. Hauge-stiftinga i Ivar Aasen-tunet 23.2.: Ottar Grepstad, Magni

Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Milan Ilic, Kirsti Langstøl, Endre Lauvstad, Ingrid I. Opdal, Gaute Øvereng, Åshild Widerøe, Anders Aanes, Oddny Nupen Aarflot

Ekstramøte i Nynorsk Forum i Oslo 25.2.: Ottar Grepstad

Internseminar i Landssamanslutninga av nynorskkommunar i Oslo 26.2.: Ottar Grepstad

Styremøte i Ørsta reiselivslag 3.3.: Magni Hjertenes Flyum

Literary Societies and Literary Museums in Europe: *The European Literary Canons*, Petöfi Literary Museum, Budapest 4.–6.3.: Ottar Grepstad

Møte med Olav H. Hauge-stiftinga i Bergen 11.–12.3.: Ottar Grepstad

Webforum i Oslo 11.–12.3.: Gaute Øvereng

Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 12.3.: Magni Hjertenes Flyum

Det 72. norske bibliotekmøtet med landsmøte i Norsk bibliotekforening og BIBSYS-møte på Hamar 16.–19.3.: Kirsti Langstøy

Frukostforum i Ivar Aasen-tunet 17.3.: Ottar Grepstad

Årsmøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 17.3.: Magni Hjertenes Flyum, Gaute Øvereng

Møte i Frukostforum i Ivar Aasen-tunet 17.3.: Ottar Grepstad

Arrangørkonferanse i regi av Rikskonseriane i Larvik 18.–19.3.: Åshild Widerøe

Landsmøte i Norsk Målungsdom i Ørsta 21.3.: Ottar Grepstad

Årskonferanse Norske festivaler på Kongsberg 8.–9.4.: Åshild Widerøe

Styremøte i Allkunne AS i Oslo 12.4.: Magni Hjertenes Flyum

Lansering av *Norsk presses historie* i Oslo 14.4.: Ottar Grepstad

HSH nettverk for museum på Norsk folkemuseum 14.–15.4: Magni Hjertenes Flyum

Landsmøte i Noregs Mållag på Stiklestad 16.–18.4.: Ottar Grepstad

Møte om forprosjekt Steigarting i Steigen i Ivar Aasen-tunet 20.4.: Ottar Grepstad

Styremøte Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 21.4.: Magni Hjertenes Flyum

Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal i Ålesund 21.4.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum

Møte i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad

Landsmøte i Noregs Ungdomslag i Oslo 24.4.: Ottar Grepstad

Kurs ”Digitalt fortalt” i regi av ABM-utvikling i Oslo 28.–29.4.: Kjersti Markegård Bae

Osa-dagane i Ulvik 1.5.: Ottar Grepstad

Møte om leksikonpolitikk i Fritt Ord i Oslo 6.5.: Ottar Grepstad

Rådsmøte i Falturiltu på Stord 7.5.: Kjersti Markegård Bae

Kontaktforum med vertskommunane og fylkeskommunen i Ivar Aasen-tunet 12.5.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe

Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 20.5.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl

Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 25.5.: Magni Hjertenes Flyum

Norsk litteraturfestival på Lillehammer 25.–26.5.: Åshild Widerøe

Seminaret ”Hva vet vi for lite om i norsk kulturpolitikk?” i regi av Kulturdepartementet i Oslo 7.6.: Ottar Grepstad

Sesongavspark for Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 7.6.: Magni Hjertenes Flyum, Milan Ilic, Ingrid I. Opdal, Stina Aasen Lødemel

Styremøte i Allkunne AS i Ivar Aasen-tunet 9.6.: Magni Hjertenes Flyum

Generalforsamling i Allkunne AS i Ivar Aasen-tunet 9.6.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum

Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 11.6.: Ottar Grepstad

Nyopning av Hamsun-senteret med basisutstilling på Hamarøy 12.6.: Ottar Grepstad

Møte om Olav H. Hauge-senteret i Kulturdepartementet i Oslo 14.6.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Festlunsj ved tiårsjubileet for Ivar Aasen-tunet 24.6.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe

Møte med kulturminister Anniken Huitfeldt i Ivar Aasen-tunet 24.6.: Reidar Sandal, Morten Søberg, Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe

Møte i Nynorsk Forum i Ivar Aasen-tunet 24.6.: Ottar Grepstad

Forhandlingar med Olav H. Hauge-stiftinga i Bergen 10.–11.8.: Reidar Sandal, Ottar Grepstad

Bisetjing for Harald Hansejordet frå Ørsta kyrkje 13.8.: Ottar Grepstad

Telefonstyremøte i Norsk Barneblad 16.8.: Magni Hjertenes Flyum

Opning av studieåret ved Høgskulen i Volda 17.8.: Ottar Grepstad

Møte med kunnskapsminister Kristin Halvorsen i Ivar Aasen-tunet 17.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum

Styremøte Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 18.8.: Magni Hjertenes Flyum

Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 23.8.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl

Styremøte i Allkunne AS i Oslo 24.8.: Magni Hjertenes Flyum

Lansering haustliste Det Norske Samlaget i Oslo 24.8.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe

Lansering haustliste Aschehoug i Oslo 26.8.: Åshild Widerøe

Samling nr. 5 i Litteraturnettverket på Hamarøy 26.–27.8.: Ottar Grepstad, Anders Aanes

Møte med Språkrådets nynorskemnd i Ivar Aasen-tunet 27.8.: Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøyl, Ingrid I. Opdal, Gaute Øvereng og Oddny Nupen Aarflot

Møte i referansegruppa for nytt kulturhus i Volda 2.9.: Ottar Grepstad

Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 8.9.: Magni Hjertenes Flyum

Det nasjonale museumsmøtet i Trondheim 8.–10.9.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae

Utdeling av Den internasjonale Ibsenprisen 2010 til Jon Fosse i Oslo 10.9.: Ottar Grepstad

Ledermentor Reiseliv, samling nr. 1 i Oslo 14.–15.9.: Magni Hjertenes Flyum

- Ulvik Poesifestival i Ulik 17.–19.9.: Åshild Widerøe
- Ledermentor Reiseliv i Oslo 14.–15.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte med styringsgruppa for KOBE i Ivar Aasen-tunet 21.9.: Magni Hjertenes Flyum
- Besök på museumskafear i Trondheim 22. og 23.9.: Milan Ilic
- Rådsmøte i Trondheim 23.9.: Reidar Sandal, Sigrun Høgetveit Berg, Bente LaForce, Grete Riise, Åshild Widerøe
- Premiere på ”Norge – Brasil. Ein fotballopera” i Opera Nordfjord på Nordfjordeid 5.10.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Milan Ilic, Knut-Johann Jørgensen, Kirsti Langstøyl, Endre Lauvstad, Ingrid Opdal, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes, Oddny Nuppen Aarflot
- Nordisk konferanse for litterære museum og komponistheimar på Lillehammer 7.–8.10.: Ottar Grepstad
- Festdag for Eldrid Lunden og Kåre Lund i Naustdal 9.10.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 11.10.: Magni Hjertenes Flyum
- ABM-konferansen 2010 i Oslo 11.–12.10.: Ottar Grepstad
- Telefonstyremøte i Norsk Barneblad 12.10.: Magni Hjertenes Flyum
- NRK Nynorsk mediesenter i Aasen-tunet 13.10.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Anders Aanes, Gaute Øvereng
- Redaksjonsmøte i Allkunne i Oslo 14.10.: Ottar Grepstad, Kirsti Langstøyl
- Fellesmøte redaksjon og styre i Allkunne i Oslo 14.10.: Magni Hjertenes Flyum, Kirsti Langstøyl
- Styremøte i Norske Festivaler i Oslo 15.10.: Åshild Widerøe
- Styremøte i Allkunne AS i Oslo 15.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Møte nr. 56 i Nynorsk Forum i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad
- Premiere på Den hemmelege hagen på Det Norske Teatret i Oslo 15.10.: Ottar Grepstad
- Møte i Målpolitisk råd ved Det Norske Teatret i Oslo 16.10.: Kjersti Markegård Bae
- Møte med statssekretær Ingrid Fiskaa frå Utanriksdepartementet i Aasen-tunet 18.10.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Åshild Widerøe
- Nettredaksjonsmøte i regi av Nynorsk Forum i Oslo 20.10.: Kirsti Langstøyl, Gaute Øvereng
- HSH-nettverk for administrasjonssjefar i Ålesund 20.–21.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Prøveframstilling av ”Mine språk” på Jåttå skole i Stavanger 21.10.: Kjersti Markegård Bae, Gaute Øvereng
- Konferansen Kulturrikets tilstand i Oslo 20.10.: Ottar Grepstad
- Møte i Kringkastingsrådet i NRK 21.10.: Ottar Grepstad
- Dei nynorske mediedagane i Oslo 21.10.: Ottar Grepstad
- Møte om Blix-jubileet 2011 i Ivar Aasen-tunet 27.10.: Ottar Grepstad, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Ledermentor Reiseliv i Lom 18.10.: Magni Hjertenes Flyum
- Kurs om skjenkjeløyve m.m. i regi av Ansvarleg Vertskap på Hareid 1.–2.11.: Milan Ilic
- Møte i Ulvik formannskap 2.11.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum
- Ope møte om nynorsk i barnehagane i samarbeid med Ørsta Mållag i Ivar Aasen-tunet 2.11.: Kjersti Markegård Bae
- Møte med Hordaland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune i Ivar Aasen-tunet 3.11.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum, Kjersti Markegård Bae, Kirsti Langstøyl, Åshild Widerøe, Gaute Øvereng, Anders Aanes
- Oppfølgingsmøte om IA-avtalen med Arbeidslivssenteret i Møre og Romsdal i Ivar Aasen-tunet 4.11.: Magni Hjertenes Flyum
- Doktordisputas for Anders Aschim om Elias Blix ved Universitetet i Tromsø 5.11.: Sigrun Høgetveit Berg
- Haustseminar i Norsk Målungdom på Eidsvoll 5.11.: Ottar Grepstad
- Styremøte i Musea i Møre og Romsdal i Molde 5.11.: Åshild Widerøe
- Ledermentor Reiseliv i Alta 9.–11.11.: Magni Hjertenes Flyum

Møte med Fylkesmuseet i Sogn og Fjordane i Ivar Aasen-tunet 10.11.: Anders Aanes og Kjersti Markegård Bae

Fylkeskulturkonferanse i Bergen 10.–11.11.: Ottar Grepstad

Møte med Stiftelsen Portåsen i Ivar Aasen-tunet 15.11.: Ottar Grepstad

Kurs i Primus i regi av Kultur IT i Oslo 16.–17.11.: Anders Aanes

Møte med fylkeskultursjef Ingebjørg Erikstad i Førde 19.11.: Ottar Grepstad

Forfattarkveld i regi av Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 21.11.: Ottar Grepstad

Styremøte i Olav H. Hauge-stiftinga i Ulvik 22.11.: Ottar Grepstad

Arbeidsmøte Reiseruteprosjektet i Møre og Romsdal i Ivar Aasen-tunet 24.11.: Magni Hjertenes Flyum, Milan Ilic og Gaute Øvereng

Styremøte i Norsk Barneblad i Oslo 1.12.: Magni Hjertenes Flyum

Medietreningskurs i regi av NRK Ny-norsk mediesenter i Oslo 2.12.: Åshild Widerøe

Bisetjing for Marie Elise Djupedal i Oslo 7.12.: Ottar Grepstad

Redaksjonsmøte i Allkunne i Aasen-tunet 7.12.: Kirsti Langstøy

Generalforsamling i Allkunne AS i Aasen-tunet 8.12.: Ottar Grepstad, Magni Hjertenes Flyum

Styremøte i Allkunne AS i Aasen-tunet 8.12.: Magni Hjertenes Flyum

Telefonmøte i Seksjon for museumsleiing i Norges Museumsforbund 10.12.: Magni Hjertenes Flyum

Møte i fagrådet for Vinjefondet i Bergen 13.12.: Magni Hjertenes Flyum

### 6.13 Jon Fosse-arkivet

Styra i Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrums vedtok å arbeide vidare for å realisere planane for Jon Fosse-arkivet, og utnemnde i 2008 representantar til eit interimstyre: Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrums leiar), Ola E. Bø (Det Norske Teatret) og Margit Walsø (Det Norske Samlaget). Styret har vedteke å invitere med Nationaltheatret.

Arbeidet med å realisere planane heldt fram i 2010. Arkivet fekk våren 2010 tilført

mykje nytt materiale frå Jon Fosse frå åra 2004–2009. Sommaren 2010 blei heile arkivet ferdig grovsortert, og det er dermed tilgjengeleg for interesserte i Ivar Aasen-tunet.

### 6.14 Ivar Aasen-tunet gjennom eitt år

I 2010 fotograferte vi hovudbygningen frå eit fast punkt kl. 11.30 dei fleste arbeidsdage gjennom heile året. Bileta blei redigerte til ein fotomontasje som første gongen blei vist på Olav H. Hauge-senteret i januar 2011. Prosjektleiar var Gaute Øvereng med assistanse frå Anders Aanes og Heidi Ørsta-vik.

### 6.15 Publikumssørvis

Vi får stadig spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange kjem frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er også vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Ved skriftlege spørsmål blir dei skriftlege svara tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

## 7. Utstillingar

Utstillingane reduserte omsetninga med 16 % frå 852 000 kr i 2009 til 713 000 kr i 2010. Resultatet blei eit overskot på 4000 kr mot 18 000 kr året før. Vi hadde færre skuleturnear enn i 2009, og dette slo ut både økonomin og i gjestetal. I 2010 hadde vi difor 6954 utstillingsgjester, mot 7956 året før.

Vi laga éi ny temautstilling i 2010: *Kort sagt: stort tenkt. Ei utstilling om noveller*. Utgangspunktet for utstillinga var festspeldiktar Rønnaug Kleiva sin preferanse for det korte formatet i tekst. Det kan bli aktuelt å nytte utstillinga i eit noko meir omfattande opplegg, der ein litteraturformidlar følgjer utstillinga.

### 7.1 Basisutstillinga

Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane. Slik var det også i 2010.

Den store endringa av basisutstillinga som tok til i 2007 under namnet *Høgt og lågt* var tenkt ferdigstilt i 2010, men er blitt forskyvd til 2011. Det økonomiske grunnlaget er eit tilskot på 1 million kr frå Fritt Ord. Desse endringane er ein del av utviklinga av Ivar Aasen-tunet til ein kulturinstitusjon i dialog med mange land.

I *Forfattarrommet* i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkellarkivet. I utstillingsperioden låner vi òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane. Til no har vi presentert 33 forfattarar på denne måten. I 2010 kom seks nye presentasjonar på plass.

I *aktueltshylla* la vi dei første månadene i 2010 ut nye avisklipp om lag éin gong i månaden. Ut gjennom året blei dette gjort meir sporadisk.

## 7.2 Temautstillingar

I 2010 blei det vist fire temautstillingar i basisutstillinga.

- *Ei røyst som er mi* (Einar Økland) 17.1. – 26.3.
- *Musikken i språket* (Frode Grytten) 28.3 – 22.6.
- **NY** *Kort sagt: stort tenkt. Ei utstilling om noveller* 25.6 – 8.9.
- *Diktarens utvegar. Olav H. Hauge 1908–1994* 9.9 – 31.12.

Søndag 26.9 opna vi utstillinga *Celebrating the Duck* i Galleriet. Etter planen skulle denne utstillinga ha vore vist i 2009, då figuren Donald Duck var 75 år, men visinga blei utsett. Vi supplerte utstillinga med eit nytt originalverk frå Kollektivet-teiknaren Torbjørn Lien i Volda.

## 7.3 Vandreutstillingar


I 2010 lånte vi ut fire ulike utstillingar til 10 stader, mot 12 utlån i 2009.

Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet, men har eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Som før var det biblioteka som lånte flest utstillingar.

Som i dei føregående åra har det vist seg vanskeleg å føre påliteleg statistikk for gjestetal på vandreutstillingar. Desse tala er heller ikkje rekna med i publikumstala våre.

Sidan 2000 har vi i alt hatt 124 utlån av 20 ulike utstillingar i 18 fylke.

**Figur 5. Tal utlånte vandreutstillingar 2000-2010**



*Det usynlege språket – omsetjing og gjendikting*  
Opera Nordfjord, 18.12.–31.1.

*Undrande og skapande – Rasmus Løland (1861–1907) og den nynorske barnelitteraturen*  
Sogndal bibliotek, 7.12.–27.1.

Klepp bibliotek, 1.2.–26.2.

Time bibliotek, 1.3.–28.3.

Karmøy folkebibliotek, 27.3.–23.4.

Utsira folkebibliotek, 26.4.–21.5.

Tromsø bibliotek og byarkiv, 1.6.–26.7.

Jakob Sande-selskapet og Fjaler folkebibliotek, 1.8.–16.8.

*Kort sagt: stort tenkt – Ei utstilling om noveller*  
Litteraturdagane i Vinje, 15.9.–15.10.

*Striper, ruter, bobler*

bLEST litteraturfestival, Tysvær 24.10.–24.11.

## 7.4 Undrande og skapande

På initiativ frå oss laga Ivar Aasen-tunet, Ryfylkemuseet og Asker Museum i 2009 den felles vandreutstillinga *Undrande og skapande* om nynorsk barnelitteratur gjennom 150 år. Denne blei vist fleire stader også i 2010.

## 7.5 Kulturhotell Bondeheimen

Hotell Bondeheimen sette hausten 2010 i gang arbeidet med å pusse opp møterom i 7. etasje. Til denne siste delen av prosjektet Kulturhotell Bondeheimen leverte vi eit titals sitat, tekstar og idear.

## 7.6 Nettutstilling

Nettutstillinga *Rekvistar for eit liv* blei lansert 20.1.2010. Dette er ei original forteljing om Ivar Aasen der 20 forfattarar har dikta fritt om kvar sin gjenstand frå Aasen-samlinga med utgangspunkt i gjenstandsfotografia av Ragnar H. Albertsen (jf. kap. 3.2). Førstekonservator Bjørn Austigard ved Romsdalsmuseet og seksjonsleiar Anne Kristin Moe i Bunad- og folkedraktrådet skreiv kulturhistoriske bakgrunnstekstar om gjenstandane. Med i utstillinga er også Aasens eigne tekstar om gjenstandane.

Udstillinga er særleg laga for elevar i vidaregåande skule, og vi har utarbeidd oppgåver for skulebruk. Det første året hadde nettutstillinga 3529 unike brukarar.

## 8. Tilbod til born og unge


4075 born og skuleelevar gjester på arrangement og utstillingar, mot 4739 året før. Dette var 24 % av alle gjestene våre.

1639 elevar var med på 70 program på turnear i regi av Den kulturelle skulesekken, mot 2744 året før.

1679 elevar var med på standard skuletilbod og Den kulturelle skulesekken i tunet, mot 1620 året før.

Vi utvikla eit heilt nytt elevprogram for Den kulturelle skulesekken og reviderte eit anna. Dermed har vi skulesekktilbod for både småbarnssteget, ungdomsskule og vidaregåande skule.

**Figur 6. Gjestetal turnear 2004-2010**



## 8.1 Tunkatten Lurivar

Etter premieren i november 2006 er tunkatten Lurivar blitt det viktigaste verkemidlet vårt for å nå dei yngste borna. Lurivar er språkleg nyskjerrig og stolt av språket sitt. Tunkatten er ein dørøpnar til nynorsk litteratur og undring over språk.

Lurivar er formgitt av Monica Egeli. Lurivar er ein av få ikkje-kommersielle barnefigurar i Noreg, og det gjer han ganske unik i barneverda. I staden for å utvikle reklameeffektar og store mengder lisensprodukt legg vi vekt på lærings- og aktivisering. Dei få Lurivar-produkta vi har laga, blir ikkje marknadsførte på Lurivars eigen nettstad som er retta mot born. Innanfor rimelege grenser gjer vi difor møta med tunkatten til ei kjøpefri sone.

Han blir synleg på tre arenaer for borna: i Ivar Aasen-tunet, på turné og på nettstaden tunkatten.no.

*Tunkatten i tunet:* Lurivar var til stades under Dei nynorske festspela i framsyninga *Katta i sekken*. Kvar sommar sidan 2007 har vi hatt eigne Lurivar-omvisingar. Sommaren 2010 var det fast omvising to dagar i veka, og 268 var med på desse, mot 176 året før. Tilbakemeldingane frå barnefamiliar var svært gode.

I 2009 innvigde vi Barneboktua, Lurivars eige utebibliotek. Dette enkle biblioteket ligg på Høgetuva ovanfor Aasen-tunet, ved enden av Lurivars ordløype som vi set opp kvar sommar. I 2010 skreiv 190 personar seg i gjesteboka, mot 106 personar året før.

*Turné:* *Katta i sekken* er ei skuleframsyning for 1.-4. klasse, utvikla for Den kulturelle skulesekken. Framsyninga, ein mellomting mellom teaterframsyning og forfattarbesøk, skal gi leselyst og gjere borna språkleg nyskjerrige. Hilde Myklebust har skrive manus,

og ho har forma framsyninga saman med regissør Arild Støfring til melodiar av Gaute Øvereng. I 2010 var *Katta i sekken* på tunré i Sogn og Fjordane i fire veker.

*Tunkatten.no*: Nettstaden inneheldt ved årsskiftet mellom anna blogg, lydbøker med utdrag frå 18 nynorske barnebøker, Lurivars ordbok, ulike språkaktivitetar og sju originaltekstar med lydspor og illustrasjon. Born sende også inn spørsmål og eigne tekstar.

Den viktigaste nyvinninga i 2010 kom i *Lurivars songbok*. Også dette året blei denne mykje brukt mellom anna i barnehagar og barneskular. Songboka inneheldt ved årsskif tet 69 songar. Publikum kunne laste ned lydfiler gratis, og vi dekte Tono-avgifta. I november lanserte vi Tunkattens adventskalender med 24 songar, formgitt av Monica Egeli. Songane var også publiserte som lydfiler med tekst og noter på nettstaden.

## 8.2 Born og småbarnsfamiliar

Gjennom året gjennomførte vi ni arrangement for born og småbarnsfamiliar (jf. kap. 9). I tillegg stod festspeldiktaren for 13 skulebesøk i 8. klassane i Ørsta og Volda.

Under Dei nynorske festspela hadde vi fire store program. Som i 2009 arrangerte vi fem familiedagar, alle om hausten. Eitt av desse var for studentfamiliar i opningsveka for Høgskulen i Volda.

Med 2010 blei den årvisse barnekunstutstillinga i november ein tradisjon. Som før om åra avslutta vi med juleverkstad andre søndag i advent.

## 8.3 Barnehagar

Fra 2009 har vi hatt eit eige omvisingstilbod for barnehagar. I 2010 gjesta 235 barnehageborn Ivar Aasen-tunet.

Dei fekk forteljarstund om Ivar Aasen i Gamletunet og lesestund på hemsen i basisutstillinga, der Tunkatten held til. Ymse formingsaktivitetar var også ein del av tilboden, som er gratis.

I tillegg var mange barnehagar med på eigne program under Dei nynorske festspela. Også i 2010 arrangerte vi barnekunstutstilling der born frå barnehagane i nærområdet fekk stille ut arbeida sine i Galleriet i Aasen-tunet. Dette året var utgangspunktet *ABC-*

boka

av Olav H. Hauge og Bodil Cappelen.

85 born var med i 2010, mot 211 året før.

## 8.4 Skular

I 2010 brukte 1259 elevar tilboda våre i Ivar Aasen-tunet, mot 1227 året før. Dette inkluderer skulesekkturnear lokalt.

Frå skuleåret 2000/2001 til skuleåret 2007/2008 hadde vi 15 ulike tilbod, eitt for kvart alderssteg frå barnehage til vidaregåande skule. I samsvar med læreplanane frå 2007 konsentrerte vi tilboden om sju faste program som skulane kan velje fritt mellom. Dei kan også få tilbod som er tilpassa ønska deira.

Dette var dei sju standardtilboda i 2010:

*Oppvekstår til Ivar Aasen* (barnesteget):

Elevane blir kjende med oppveksten til Ivar Aasen, og dei dramatiserer episodar frå oppvekståra.

*Ivar Aasens verk med Ivar Aasens ordtak*

(barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane blir kjende med mangfaldet i Aasens skrifter og får praktiske oppgåver om stoffet.

*Arkitektur* (barnesteget, ungdomssteget

og vidaregåande). Innføring i utforminga av hovudbygningen i Ivar Aasen-tunet. Elevane lærer om arkitekt Sverre Fehn og går på oppdagingsferd i bygningen.

*Dialektar* (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane blir kjende med omgrepene dialekt, får kjennskap til nokre viktige målmerke, og bruker Dialektspillet.

*Nynorske teikneseriar* (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane lærer om sjangertrekk for teikneseriar, blir kjende med nynorske teikneseriar og lagar kvar sin teikneserie som dei presenterer.

*Nynorske dikt* (barnesteget, ungdomssteget og vidaregåande): Elevane lærer om dikt-sjangeren, blir kjende med utvalde dikt og skriv eigne dikt.

*Nynorsk pressehistorie* (vidaregåande): Elevane lærer om nynorsk pressehistorie og kva rolle massemediet pressa har spelt for utbrei inga av nynorsk.

## 8.5 Nye tilbod

I 2010 reviderte vi skulesekktilboden *Det undrande språket* og hadde premiere for eit

nytt program for vidaregåande skule, *Mine språk*.

Frå hausten 2004 har vi hatt elevprogrammet *Det undrande språket* om språk og identitet for ungdomssteget. I 2010 reviderte vi i samråd med utøvarane form og innhald, og vi endra namnet til *Snakk om språk!* Første framsyninga var i Ørsta 15.11. Programmet blei gjennomført med Eirik Helleve og Runar Gudnason.

Vi gjorde i 2010 ferdig det nye programmet *Mine språk* for vidaregåande skule med manuskript av Terje Torkildsen. Framsyninga er ein mellomting mellom foredrag og teater, og gjer elevane til aktive deltakarar i eit program der kunnskap om språk blir formidla på utradisjonelt og humoristisk. Terje Torkildsen og Christian Eriksen hadde to prøveframningsar på Jåttå vidaregåande skule i Stavanger 20.10.

### **8.6 Den kulturelle skulesekken i tunet**

I 2010 gjennomførte vi 34 framsyningar for alle elevane på fire klassesteg i Ørsta og Volda, til saman 970 elevar og 77 lærarar.

Frå og med skuleåret 2005/2006 har vi samarbeidd med vertskommunane om tre årlege program innanfor Den kulturelle skulesekken. Dette er eit tilbod til alle i 3., 6. og 10. klasse. Frå og med skuleåret 2009/2010 prøver vi også å innarbeide eit fast tilbod for 8. klasse.

Det gode samarbeidet med Fjord1 Buss Møre og vertskommunane om transport av elevane til og frå Ivar Aasen-tunet heldt fram. Der det var mogleg, brukte elevane vanlege bussruter, og kommunane dekte utgiftene for ekstrabussar.

Som året før gjennomførte vi ei enkel evaluering blant lærarane som var med. Tilbakemeldingane var svært gode.

Dette var tilboda i 2010:

*3. klasse: Bli kjend med Ivar Aasen.* Elevane blir kjende med Aasen og arbeidet hans, særleg barndom og oppvekst. I 2010 gjennomførte Heidi Alice Aarseth og Solveig Styve Holte programmet.

*6. klasse: Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitekturen i Aasen-tunet.* Elevane blir kjende med korleis ein arkitekt tenkjer og det særmerkte ved Ivar Aasen-tunet, får im-

pulsar om kva arkitektur har å seie, får oppleve detaljar i heilskapen, og til sist set dei – som Fehn – sin eigen signatur på sjølvlagda husteikning. Som før om åra gjennomførte formidlingsleiaren programmet.

*8. klasse: Forfattarbesøk.* I skuleåret 2009/2010 fekk 8. klassane i Ørsta og Volda dette nye tilboden om besøk av festspeldiktaren eller ein forfattar som er knytt til det årlege festspeltemaet. Slik blir elevane lokalt kjende med festspeldiktaren eller tema for festspela. Våren 2010 gjesta festspeldiktar Rønnaug Kleiva alle 8. klassane i Volda og Ørsta.

*10. klasse: Snakk om språk!* Den reviderte utgåva av det gamle elevprogrammet *Det undrande språket* blei framført av Eirik Helleve og Runar Gudnason.

### **8.6 Den kulturelle skulesekken på turné**

Vi gjennomførte 61 framsyningar av *Katta i sekken* for 1350 elevar og 167 lærarar i fem kommunar: Vågsøy, Selje, Eid, Bremanger og Stryn. I 2010 hadde Unn Catodotter Fylingsnes rolla som forfattar, og Aslak Strønen spela Lurivar. Til no har 8592 elevar i to fylke vore med på dette programmet.

*Snakk om språk!* var ikkje på ordinær turné i 2010, men var ein del av Den kulturelle skulesekken i tunet. Medrekna desse har 4931 elevar i fire fylke til no vore med på dette programmet.

Gjestetal for desse turneane blir rekna som utstillingsgjester, og talet på framsyningar er difor ikkje med i arrangementstalet.

### **8.7 Gründercamp og utplassering**

Også i 2010 hadde vi godt samarbeid med Ørsta ungdomsskule om deira årlege Gründercamp for alle 9. klassingar. Tre grupper var i tunet ei heil veke. Dei arbeidde med å marknadsføre kulturtildot i Aasen-tunet for ungdom, lage eit system for kjeldesortering og utvikle idear til produkt i Språkåret 2013.

To elevar hadde arbeidsveke i Ivar Aasen-tunet: Hans Ivar Moss Kolseth frå Eid ungdomsskule og Ida Sofie Håvik frå Austefjord ungdomsskule.

## 9. Arrangement


Den samla omsetninga for Dei nynorske festspela og kulturprogrammet minka med 3 % frå 2 589 000 kr i 2009 til 2 518 000 kr i 2010. Det samla resultatet blei forbetra med heile 361 000 kr. Drifta kom ut med eit overskot på 196 000 kr, mot eit underskot på 165 000 kr i 2009.

Dei nynorske festspela stod for denne forbetringa. Festivalen blei fortetta til fire dagar, blei i større grad konsentrert om Ivar Aasen-tunet, heldt nivået for omsetning og gjestetal, reduserte kostnadene og fekk eit overskot på 178 000 kr. Det er det beste resultatet nokon gong for Dei nynorske festspela. Kulturprogrammet gav eit overskot på 18 000 kr.

I alt hadde vi 9736 gjester på arrangementa våre, mot 11 606 i 2009.

71 tilstellingar var utleigearrangement eller hadde eksterne arrangørar, mot 81 året før. Desse gav 3728 gjester, mot 4727 året før – ein nedgang på 21 %. På våre eigne arrangement minka derimot gjestetalet med 13 % frå 6879 i 2009 til 6008 i 2010.

**Figur 7. Arrangementsstader 2000-2010**



Vi gjennomførte 95 opne arrangement i 2010 mot 127 året før. Som i 2009 blei kvart fjerde arrangement gjennomført andre stader enn i Ivar Aasen-tunet. I 2010 var vi til stades med arrangement i fem kommunar, mot sju året før.

Vi heldt fram arbeidet med å posisjonere institusjonen i den utvida regionsmarknaden som følgde med opninga av Eiksund-sambandet. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

### 9.1 Dei nynorske festspela

Med ei omsetning på 1 736 000 kr auka Dei nynorske festspela med 2 % frå året før. Av dette utgjorde overføring frå statstilskotet 51 %. Gjennom målretta arbeid blei kostnadene reduserte med heile 19 %. Saman med 19 % høgare billettinntekter gav dette eit overskot på 173 000 kr, mot eit underskot på 231 000 kr året før.

I tillegg utløyste Festspela ei brutto-omsetning på 279 000 kr i kafeen og butikken dei fire festspeldagane.

Festspela auka gjestetalet med 7 % frå 5707 gjester på 65 arrangement og utstillingar i 2009 til 6135 gjester på 51 arrangement og utstillingar i 2010.

Målet var økonomisk overskot. Det nådde vi gjennom to radikale endringar: Vi fortetta festivalen til fire dagar og forenkla avviklinga ved å konsentrere det heile meir om Ivar Aasen-tunet.

I åra 2000–2002 gjekk festivalen over fire dagar, men frå 2003 blei den utvida til fem dagar. I 2010 var vi attende til fire dagar. Dermed kunne vi også reduserte talet på arrangement frå 65 i 2009 til 51 i 2010. Det forenkla avviklinga, reduserte lønskostnadene og reisekostnadene, og publikum kunne få med fleire arrangement.

Dei radikalt endringane i 2010 gjekk ikkje ut over den kunstnarlege eller faglege kvaliteten. Vi måtte prioritere endå strengare i festspelprogrammet, men tok vare på breidda i tilbodet. Festspela hadde difor framleis ein tydeleg profil og gav publikum eit kunstnarleg godt program, særleg innanfor musikk. Fortettinga til fire dagar og konsentrasjonen om Ivar Aasen-tunet gav ei endå betre festivalstemning. Utescena i Ivar Aasen-tunet fungerte godt som hovudarena med store arrangement kvar dag.

Vi gjekk frå ekstrem varme i fjor til fleire dagar med silande, men mildt regn. Det reduserte nok gjestetalet på fleire store utekonsertar, men gledeleg mange kom, og artistane var begeistra over det uthaldande publikummet.

Som før om åra hadde vi ei god blanding av lokale gjester, tilreisande gjester og sentrale figurar i nynorskmiljøet. Dei nynorske festspela er ein festival der så godt som alle

betaler billettane sine sjølve. Vi har etablert ei fast kundekrins, men fekk også i 2010 mange nye gjester.

Festspela blei gjennomførte med 43 eigne arrangement og 8 arrangement med eksterne arrangørar, til saman 51, mot 65 året før. Vi konsentrerte festivalen mykje meir om Aasen-tunet, men likevel hadde vi 17 arrangement på 15 scener utanfor tunet.

Festspela greier frå år til år å halde på ein klar nynorskprofil. Også i år fekk publikum nokre eineståande gode arrangement. Berre eitt eller to heldt ikkje mål slik vi hadde venta. Publikum fekk både fleire premierar og ei rekke arrangement som ikkje kunne opplevast andre stader enn under Festspela

I sin opningstale sa kulturminister Anniken Huitfeldt at dette er viktig festival og ein av dei få som lykkast med å krysse dei mange sjangergrensene mellom litteratur, språk, musikk og biletkunst.

Den litterære profilen er blitt både betre og tydelegare dei siste åra. Breidda av fattalar var stor, men vi hadde få plakatnamn, og færre enn det som var meininga i jubileumsåret for Ivar Aasen-tunet. Festspeldiktaren Rønnaug Kleiva prega programmet på mange måtar og var med på mange arrangement, alt frå morgongymnastikk ti gågata i Ørsta til offisielle opning av Notanaustet på Bjørke.

Musikkprogrammet var sterkt og hadde mykje å seie for at mange i 2010 kalla festspelprogrammet folkeleg.

Festspelutstillinga ”Ivar Aasen i bruk” blei godt motteken av publikum lokalt utover sommaren og var eit viktig fagleg innslag for det vidare arbeidet vårt.

Barneprofilen har vi fått godt tak på og er i ferd med å bli ein spesialitet. Festspela skal vere med og styrke den språklege sjølvtiliten hos barn og unge. Som tidlegare år utvikla vi eigne barnearrangement for både barnehagar og småbarnsfamiliar.

Dei nynorske festspela skal vere blant dei beste festivalane i landet i oppfølging av utøvarane. Tilbakemeldingane også i 2010 tyder på at vi lykkast godt med dette.

Utan dei frivillige var det umogleg å lage Dei nynorske festspela. I 2010 var om lag 50 frivillige i aksjon, noko færre enn året før,

men fleire unge har kome til dei siste åra. Dei frivillige var organiserte i grupper, og med godt forarbeid letta dette gjennomføringa på mange kritiske punkt.

Marknadsføringa er godt innarbeidd, men blir kvart år også tilpassa programprofil og målgrupper. Vi marknadsførte i stor grad gjennom dei faste kanalane, men utvikla bruken av sosial medium og førte vidare tilbodet med fersk utgåve av *Festspel-Symra* kvar morgen.

Med fast stab i Ivar Aasen-tunet er Dei nynorske festspela sikra kontinuitet i marknadsføringa gjennom året. Billettsalet auka mykje sjølv om vi reduserte salskostnadene med 26 % frå 352 000 kr i 2009 til 262 000 kr i 2010.

Dei mange samarbeidspartnerane var ein nødvendig føresetnad også i 2010. Dei nynorske festspela er det viktigaste profesjonaliseringstiltaket for institusjonen, men treng fleire samarbeidspartnerar å fordele risiko på og hente impulsar frå.

Komplett festspelprogram ligg ved.

## 9.2 Kulturprogram

Kulturprogrammet reduserte omsetninga med 12 % frå 885 000 kr i 2009 til 777 000 kr i 2010. Dette gav eit overskot på 18 000 kr mot 66 000 kr året før.

I 2010 inneholdt kulturprogrammet 45 opne arrangement, utstillingar ikkje medrekna, mot 62 i 2009. 18 av desse var i regi av eksterne arrangørar.

Vi gjennomførte 27 arrangement i eigen regi, mot 35 i 2009. Desse samla 1775 gjester, mot 2556 året før.

Kulturprogrammet sett under eitt inneholdt arrangement for ulike målgrupper, alt frå små born til dei vaksne med ulike interesser. Som før var målet eit variert program som viser nynorsk i bruk i ulike samanhengar. Difor femnde det om både litteratur, språk, musikk, teater og utstillingar.

Gjennom året brukte vi fem utvalde arrangement om språk og litteratur til å feire tiårsjubileet for Ivar Aasen-tunet. Dessutan markerte vi både den internasjonale morsmålsdagen 21.2. og den europeiske språkdagen 26.9.

*Vårprogrammet* blei gjennomført frå 17.1. til 28.3. Vi gav publikum nokre av dei fremst songarane og musikarane i landet, eit populært teaterstykke om Per Sivle, arrangerte strikkecafé og markerte 150-årsdagen for Anders Hovden.

Vi reduserte *sommarprogrammet* frå tidlegare år og konsentrerte det om villblomedagen i juni og Ivar Aasens fødselsdag 5.8. Den dagen presenterte vi også Bjørn Sortland som festspeldiktaren 2011.

Haustprogrammet blei gjennomført frå 15.9. til 11.12. På plakaten stod både hundrårsmarkeringa for Bjørnstjerne Bjørnsons død, fleire bokutgivingar, dokumentarfilm, fem store barnearrangement og faste innslag som soppdagen. Eit illustrert biletkåseri om historia om nynorskpressa blei framført fire gonger i Aasen-tunet, Eidsvoll og Oslo. Den årvisse boknatta i november inneholdt både lyrikk, romanar, noveller og kåseri, som vanleg både med debutantar og etablerte forfatarar. Direktørens 10. årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur blei halden i Trondheim.

Komplett kulturprogram ligg ved.


## 10. Kafé og butikk

Butikken og kafeen nådde eit nytt høgt nivå for omsetning. Den samla omsetninga auka med 10 % frå 1 697 000 kr i 2009 til 1 872 000 kr i 2010. Av dette utgjorde internomsetninga 209 000 kr. Dette gav eit samla overskot på 162 000 kr, som året før.

Netto matsal utgjorde 56 % av omsetninga i kafeen, og boksal stod for 39 % av omsetninga i butikken. Sett under eitt fordelt bruttoomsetninga seg som vist i figur 7.

Den store salssukssessen i butikken var også dette året Ivar Aasen-boksaren.

**Figur 8. Brutto omsetning kafé og butikk  
Prosent 2000-2010**



Frårekna internomsetninga la kvar registrert gjest att kr 94,70 i kafé og butikk, mot kr 73,70 i 2009. Dette er svært høge tal i museumsbransjen.

Kafeen og butikken er framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet, og for eigeninntektene til institusjonen. Berre 46 000 kr av marknadsføringskostnadene blei ført på kafeen og butikken direkte.

### 10.1 Kafé

Omsetninga i kafeen fall med 14 % frå 877 000 kr i 2009 til 754 000 kr i 2010. Av dette utgjorde internomsetninga 137 000 kr, mot 145 000 kr året før. Drifta gav eit underskot på 33 000 kr, mot eit overskot på 62 000 kr i 2009. 76 % av omsetninga var mat, mot 78 % i 2009.

Utanom internomsetning og lokale omsette kafeen for kr 32,80 pr. registrert gjest, mot kr 34,10 i 2009. Kafeen tilbyr no rettvis kaffi som ein del av sortimentet, og Friile har etter oppmoding frå oss laga nye informasjonsplakatar på nynorsk.

Kostnadsfaktoren viser kor mange prosent varekjøp utgjer av omsetninga. Denne faktoren har vi greidd å halde låg i mange år. Høg omsetning og god kostnadsstyring gav den same låge kostnadsfaktoren på 32 % som i 2009.

Dei høge lønskostnadene jamført med omsetninga, og prispresset frå konkurrerande tilbod med andre krav til matproduksjon enn våre, gjorde det framleis vanskeleg å ta dei prisane vi burde ha.

Programansvarleg og kjøkkenleiar har også i 2010 samarbeidd om kafétilbod ved kulturarrangementa. Røynslene tyder på at det er vanskeleg å etablere ein kultur for kafébesök ved arrangement her i området.

Festspeldagane er framleis den årlege omsetningstoppen. I kafeen minka ikkje bruttoomsetninga, utanom internomsetninga, med meir enn 3 % frå 140 000 kr i 2009 til 136 000 kr i 2010 sjølv om festspela vart redusert frå fem til fire dagar. For kaféomsetninga sin del treng vi mange arrangement med matsal som ein integrert del av tilbodet i tunet, og det ser ut til at desse må kome i form av utleigearrangement.

Omsetninga i sommarsesongen juni–august minka frå 298 000 kr i 2009 til 250 000 kr i 2010. Også dette året handterte sommarvikarane kafeen i ferien til kjøkkenleiaren. Dette reduserte personalkostnadene, men gjorde det likevel mogleg å gi publikum eit godt tilbod.

Som før er kafeen ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt. Det skal alltid vere open kafé med mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Vi skal tilby ein variert meny med mat av høg kvalitet, laga av gode råvarer og minst mogleg halvfabrikata. I staden for middag tilbyd vi smakfulle smårettar i tillegg til kaker, kjeks, kaffi og te.

Kjøkkenleiaren var med på ulike kurs og nettverkssamlingar med fokus på kortreist, lokal kvalitetsmat, og utvikla fleire nye ”heimelaga” rettar på menyen, t.d. karbonadesmørbrød og gulrotkake med mangosorbet.

Det har vore arbeidd med profilen til kafeen, og som ein lekk i dette er det laga eigne serviettar med logo. Det er også laga spesielle Aasen-sjokoladar med eit Aasenordtak på både for sal og til bruk i marknadsføringa.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og ein meny med to- og trerettarsmiddagar for ulike typar selskap.

## 10.2 Utleige

Inntektene frå lokalutleige gjekk ned frå 81 000 kr i 2009 til 63 000 kr i 2010. Sammen er med i omsetninga for kafeen i kap. 10.1.

Talet på reine utleigearrangement gjekk ned frå 103 i 2009 til 91 i 2010. Dette gav oss 3728 gjester, mot 4727 året før (utleige

og eksterne arrangement). For den samla omsetninga og ikkje minst for resultatet for kafeen var utleigegjestene endå viktigare i 2010 enn før. Utleigearrangementa er meir føreseielege og lettare å planleggje både i innkjøp av råvarer, bemanning og tidsbruk. Difor blir utleige eit jamt viktigare inntektsgrunnlag for kafédrifta, og ein viktig del av den allmenne marknadsføringa av institusjonen.

Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nyttar tilboda våre. Kafeen blir også brukt jamt meir til konfirmasjonar, fødselsdagsfeiringar og andre private arrangement.

Prisane for utleigetenester blei auka frå januar 2010. I tillegg til vanlege utleigeprisar for dei ulike lokala lagar vi differensierte arrangementspakkar etter avtale.

Utleigebrosjyren blei revidert i 2010, og skal no nyttast aktivt i marknadsføringa av Ivar Aasen-tunet som *den gode møtestaden*.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen har eit stort potensial som enno ikkje er teke ut, og det blir jamleg arbeidd for å gjere dei tekniske anlegga betre. I 2010 bytta vi mellom anna ut ein del mikrofonar. Vi slit framleis med balansen mellom varme og ventilasjon, og dette baud på vanskar under fleire festspelarrangement.

## 10.3 Butikk

Omsetninga i butikken auka med heile 35 % frå 820 000 kr i 2009 til 1 118 000 kr i 2010. Av dette utgjorde internomsetninga kr 72 000, mot 55 000 i 2009. Drifta gav eit overskot på 195 000 kr, mot 100 000 kr året før.

Omsetninga i sommarsesongen juni–august minka til 302 000 kr i 2010 mot 350 000 kr året før. Festspeldagane auka omsetninga med 33 % frå 106 000 kr i 2009 til 143 000 kr i 2010, trass i at dei varte ein dag mindre. Desse fire dagane blir viktigare og viktigare.

Frårekna internomsetning omsette butikken for kr 61,90 pr. registrert gjest, utanom internomsetning, mot kr 39,60 i 2009.

Kostnadsfaktoren minka frå 68 % i 2009 til 63 % i 2010. Både eigenproduserte og

andre varer skal halde høg kvalitet. Dette gjer det vanskeleg å setje utsalsprisane høgt nok. Vi selde meir av andre varer enn bøker enn før, men vi selde ein god del varer for billig. Den positive utviklinga i butikken kan etter kvart utløyse behov for auka kapasitet.

Vi selde bøker for 432 000 kr, mot 358 000 året før. Som året før utgjorde dette 39 % av totalomsetninga. Inntrykket er at stadig fleire kjem til butikken i Aasen-tunet for å finne gode nynorske barnebøker. Elles selde klassikarar som Ivar Aasens *Symra* og *Ondtak i utval* godt også i 2010. Vi prøver å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg kjernelitteratur om og av Ivar Aasen og andre bøker om nynorsk, språk- og kulturhistorie og Sverre Fehn og arkitektur.

Salet av andre varer enn bøker, medrekna kommisjonssal av keramikk og smykke, auka frå 414 000 kr i 2009 til 614 000 kr i 2010 utanom internomsetninga. Auken kom særleg i kategorien eigenproduserte varer, og dei to store salssuksessane var utan tvil Ivar Aasen-boksaren og adventskalenderen med 24 små songbøker med nynorske julesongar.

Vi heldt fram med å ta inn bøker og musikk av utøvarar som var med i kulturprogram og festspelprogram.

#### 10.4 Nettbutikk

Nettbutikken blir viktigare for kvart år. Omsetninga auka med 54 % frå 142 000 kr i 2009 til 219 000 kr i 2010. Dermed utgjorde omsetninga i nettbutikken 20 % av det samla butikksalet, mot 16 % året før. Frå 380 ordrar i 2009 auka ordretalet til 569 i 2010.

Suksessane Ivar Aasen-boksaren og adventskalenderen skal nok ha sin del av æra for dette, men også bøker og andre varer gjekk godt unna. Kvar kunde la att kr 182,80 pr. ordre mot kr 44,65 året før. Her er det framleis mykje å hente i både eksponering, oppdatering, teknisk løysing og marknadsføring. Ny nettbutikkloysing blei vurdert i 2010, og konklusjonen blir trekt i 2011.

Ved årsskiftet kunne nett-kundane velje mellom over 430 varer. Kvar månad var i gjennomsnitt i underkant av 500 gjester innom nettbutikken. Færrast var der i mai og juli, medan julehandelen auka omsetninga monaleg i november og desember. Nest

etter nettsida om Ivar Aasens reiser var sida om Aasen-boksaren den sida med flest visningar. No gjeld det å få desse butikkundane med vidare til andre tilbod på nettstaden.

#### 10.5 Butikkprofil

Ved årsskiftet hadde butikken 000 varer på lager, mot 457 året før. I 2010 gjennomførte vi den planlagde utskiftinga av kassesystem. Det tok mykje tid og krefter i andre halvår, og vi fekk ikkje alt på plass av rapportar og statistikkar. Det integrerte lagersystemet får vi først full effekt av i 2011. Det vil då lette arbeidet med vareutval og lagerkontroll monaleg.

Eit nytt parti med 2000 Aasen-boksarar blei levert våren 2010, og var ved utgangen av året nesten utselt. Butikken utvikla også fleire nye varer. Med godt lagarbeid i staben laga vi ein adventskalender med julesongar. Denne selde vi 390 eksemplar av, mellom anna med god hjelp frå Nes Mållag.

Festspelkruset 2010 hadde originaltekst av festspeldiktaren Rønnaug Kleiva. Vi kunne dermed i alt tilby åtte festspelkrus med unike tekstar. Festspel-t-skjorta med tekst av festspelforfattaren blei vellukka, men også dette året vart opplaget med dameskjorter for stort.


Vi utvikla også fleire nye produkt, t.d. notatblokk med Aasen-penn, linjal med Fehn-arkitektur og fire nye kjøleskåpmagnetar (to med hovudbygningen som motiv, to med Tunkatten).

### 11. Nettstadene

I 2010 hadde nettstaden 261 352 gjester, mot 264 904 året før. Aktiviteten på nettstaden er lågast i sommarmånadane, særleg juli og august. Ein viktig årsak til dette er at mange av nettressursane våre i stor grad blir brukt av skulane.

Publikum kunne velje mellom 10 100 tekstdokument på nettstadene, mot 9500 året før.

**Figur 9. Unike brukarar på nettstadene 2007-2010**



Nytt av året var mellom anna nettutstillinga *Rekvisittar for eit liv* der 20 forfattarar hadde skrive kvar sin tekst knytt til biletet av gjenstandar etter Ivar Aasen. Nettutstillinga vart laga med støtte frå ABM-utvikling og hadde elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule som hovudmålgruppe.

I 2006 tok vi i bruk eit nytt statistikkprogram som lukkar ut søkjerobotar m.m. Tala før og etter kan difor ikkje jamførast direkte.

### 11.1 aasentunet.no

Nettstaden [www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no) blei opna 26.4.2000, to månader før Ivar Aasen-tunet blei opna. Ved utgangen av 2010 inneheldt nettstaden om lag 9550 tekstdokument.

### 11.2 tunkatten.no

Tunkatten.no er eit aktiviserande formidlingstilbod for born i alderen 5–12 år om med nynorsk språk og litteratur. Nettstaden blei opna 12.9.2006 og inneheldt ved årsskifte litt over 350 dokument. Her finn du mellom anna seks forteljingar om tunkatten Lurivar, skrive av seks ulike forfattarar, og 69 nynorske songar med lydfiler og notar i Tunkattens songbok.

### 11.3 garborgnett.no

Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over [www.garborgnett.no](http://www.garborgnett.no) frå Stiftinga Garborg-året 2001. Nettstaden inneheld om lag 200 dokument og er eit temabasert oppgåve-tilbod til elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule.

### 11.4 Besök og bruk

År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av å bli den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den


skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Det faglege innhaldet er ein svært viktig del av nettstadene, og vi ser at dei største brukarane er skular rundt om i landet. Det er mange elevar, studentar, lærarar og andre fagfolk finn tilbod på nettstadene våre som dei ikkje finn andre stader. Det er også grunnen til at sidene om Ivar Aasens liv og verk var det mest populære området på nettstadene i 2010 med 19 200 gjester på oppningssida. Tilboden om *Aktivitetar og spel* (13 900) og *Tunkattens songbok* (10 000) på tunkatten.no var den andre og tredje mest besøkte delen av nettstadene.

Songboka tilbyr nedlasting og avspeling av lydfiler med songane. I 2010 gav dette 32 300 avspelingar og 14 200 nedlastingar. Den mest populære songen var ”Nordmannen” i ei nyinnspeling frå 2009. Denne songen blei spelt av eller lasta ned 3503 gonger.

Over halvparten av brukarane eller 54 % kom til nettstadene gjennom søkjemotorar som Google, ABCsøk og Kvasir. 27 % kom direkte inn på nettstadene, medan 19 % kom via peikarar frå andre.

**Figur 10. Sidevisingar pr. månad 2010**



Kvar nettgjest såg i gjennomsnitt på 2,8 sider i 2010, mot 2,9 sider året før.

### 11.5 Litteratur

*Fedraheimen* er den største samla tekstmengda som har blitt publisert på litteratursidene til no. Ved utgangen av året var om lag 4200 artiklar frå dei sju første årgangane publiserte.

Det meste frå Ivar Aasens hand er tilgjengeleg. Rekna som enkeltdokument hadde vi publisert over 600 digitale tekstar av Ivar Aasen ved årsskiftet. Til no har vi også

publisert 15 artiklar og dikt om Aasens liv og verk

Litteratursidene blei opna i 2001, då under namnet Nettbiblioteket. Dette er og skal vere den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.

Til no har vi bygt opp desse sidene ved at vi har gått over gjerdet der det har vore lågast, til dømes med dugnadsprosjekt, og der det har vore midlar å hente til publisering. Vi har konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg. I 2010 ville det seie forfattarar som døydde før utgangen av 1939. Langt dei fleste tekstane skriv seg frå før 1920.

Litteratursidene inneholder difor både sentrale og kuriøse tekstar frå den nynorske kulturhistoria. Det kuriøse ligg særleg i utvalet av forfattarar, som til no har vore nokså vilkårleg.

## 11.6 Allkunne

2010 var andre heile driftsåret for Allkunne AS. Selskapet blei skipa 20.08.2008 av Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum for å publisere digitalt kvalitetsinnhald.

Driftsgrunnlaget er førebels eigeninnsats og årlege løyingar frå Kulturdepartementet via Det Norske Samlaget frå og med 2006. Driftskostnadene var i 2010 på 2,4 millionar kr. Av dette var 242 000 kr eingongshonorar til artikkelforfattarar. Drifta gjekk med eit underskot på 630 000 kr. Ubukte midlar på 2,2 millionar kr blei overførte til 2011.

Ved utgangen av året var det tinga 2100 artiklar frå 104 forfattarar. Av desse tinga artiklane var 1061 artiklar (51 %) publiserte, med ei samla tekstmengd på 1,8 millionar teikn. Bruken auka med 25 % i 2010: Allkunne hadde 35 500 unike brukarar som såg på 125 200 sider.

I styret sat Arild Thorbjørnsen (styreleiar), Magni Hjertenes Flyum og Tom Skovdahl. Dagleg leiar var Eirik Helleve til 1.7., og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn frå 10.8. Linda Halse Digernes og Stina Aasen Lødemel var ekstra prosjektmedarbeidarar.

I redaksjonen sat Ottar Grepstad (hovudredaktør), forfattar og historikar Aina Basso, frilansjournalist og realvitar Kjerstin Gjengedal, bibliotekleiar Kirsti Langstøyl, lektor

Vibeke Lauritsen og sjefredaktør Sverre Tusvik.

Redaksjonen arbeidde særleg med tinging og vurdering av manuskript, planlegging for omsetjing og oppdatering av 32 000 artiklar frå Caplex, og strategiske prioriteringar.


## 12. Informasjon

Vi brukte 663 000 kr i marknadsføring, mot 733 000 kr året før. Dette utgjorde 4,5 % av samla driftskostnader, mot 6,5 % i 2009.

Administrasjonen praktiserte også i 2010 open informasjon og svare på alle dei spørsmåla som kom. Styremaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss, men vi har sidan 2004 praktisert meiroffentlegheit, blant anna med offentleg tilgjengeleg post-journal. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

Det samla opplaget for trykksaker i 2010 var 99 750 eksemplar, mot 139 100 eksemplar året før.

Figur 11. Opplag trykksaker 2006-2010



### 12.1 Presse og kringkasting

Vi sende i 2010 ut over 100 pressemeldingar. Dei aller fleste blei også publiserte på nettstaden.

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar for alle arrangement. Vi sender også ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspress og tidsskrift.

Om hausten var det stor merksemd i lokale media om framtida til bøken i gamletunet. Administrasjonen var bekymra for om treet var så gamalt og rote at det var fare for

nærliggende bygningar, særleg stabburet. Debatten i avisene viste at det er stort engasjement for å bevare gamletunet i størst mogleg grad slik det har vore i over 100 år.

Kortreiste opplevingar var eit populært innslag i media i 2010. For Aasen-tunet sin del gav det seg utslag i kortreistreportasjar i Romsdals Budstikke, Sunnmørsposten, Vikebladet Vestposten og på TV Sunnmøre.

Ved lanseringane av kulturprogramma vitja programansvarleg og informasjonsleiar utvalde redaksjonar. Festspelprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet og i Oslo same dagen.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK abonnerte vi på mediekliipp fra Retriever.

## 12.2 Trykksaker

I 2010 gav vi ut to utgåver av meldingsbladet *Symra*, i januar og september. Begge utgåvene blei trykte i 18 500 eksemplar, og inneholdt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Bladet blei distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Eid, Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta.

Dei nynorske festspela hadde i 2010 same grafiske profilen på alle trykksakene. Plakat, programavis, annonsar, festspelbanner og flagg til sentrumsgatene blei laga lokalt på bakgrunn av ein grafisk profil som elleMelle utvikla i 2007. Vi laga også t-skjorter med sitatet ”Eg har villa meg inn i eit område der det ikkje går tog”, henta frå festspeldiktarens bok *Vegen heim frå Sarajevo*.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis i tabloidformat, 28 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 38 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten 9.6., og lagt ut i butikkar og andre samlingsstader i regionen.

Vi sende også ut programfaldar til alle husstandane i dei åtte nærmaste kommunane.

Festspelplakaten blei trykt i 1000 eksemplar i fleire format og send til mellom andre bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

Sommarsesongen blei marknadsført med eigen plakat. Denne blei hengt opp lokalt og

elles distribuert til utvalde nynorskkommunar, turistinformasjonar.

## 12.3 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene Møre, Møre-Nytt og Vikebladet, i fleire annonsar i Vestlandsnytt og Sunnmørsposten, og i einskilde andre lokalaviser på Sunnmøre.

For Dei nynorske festspela halverte vi kostnadene til riksannonsering i 2010 i forhold til året før, og vi brukte om lag det same til lokal annonsering. Annonseringa blei spissa meir inn mot økonomisk viktige arrangement, framfor generell festspelprofilering.

Vi var også i 2010 med i Ørsta Reiselivslag og Destinasjon Ålesund & Sunnmøre si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

I heile 2010 hadde vi fast reklameplass til ein plakat i lyskasse på ferja mellom Volda og Folkestad og på ei av ferjene mellom Festøya og Solavågen.

## 12.4 Sosiale media

Dei sosiale media Facebook, Twitter og YouTube var aktivt brukt i marknadsføringa i 2010. Sidene for Ivar Aasen-tunet og Festspela på Facebook blei mellom anna brukt til å spreie informasjon om dei fleste arrangementa.

I mars blei det laga to korte videointervju med festspeldiktar Rønnaug Kleiva, om forventningar til Festspela. Desse blei lagt ut både på Facebook og YouTube i vekene fram mot Festspela.

Meldingskanalen Twitter blei i 2010 mest brukt for å skape merksemd om Aasen-tunet, gjennom å publisere ordtak frå Ivar Aasens samling.

## 12.5 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre (DÅS) har vi mellom anna vore med i reisemålskatalogar frå FjordNorge, i tillegg til at Ivar Aasen-

tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

## 12.6 Skilting til tunet


Ivar Aasen-tunet er skilta frå E39 i begge retningar. Skilta frå sør følgjer den nye skiltmalen til Statens vegvesen og er brune. Dei skil seg difor meir ut frå andre vegskilt i området. Skilta frå nord er framleis blå informasjonsskilt.

For dei som kjem frå sør kjem skilta litt brått på, knappe 150 meter frå avkjøringa. Vi har førebels ikkje fått skilt på Volda-sida og Ulstein-sida av rundkjøringa i Furene.

## 13. Gjester

Nynorsk kultursentrum hadde 16 690 gjester i 2010 mot 19 562 i 2009. 6954 gjesta utstillingane, medan 9736 var på arrangement. Sjølv om vi hadde færre gjester enn året før, har vi stabilisert oss. Det meste av tilbakegangen frå 2009 skriv seg frå færre skuleturnear og utleigegjester.

**Figur 12. Gjester og brukarar 2000-2010**



Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 202 602 gjester.

## 13.1 Gjesteprofil

Den offisielle museumsstatistikken frå ABM-utvikling for 2009 er den nyaste tilgjengelege.

Fem museumseininger i Møre og Romsdal hadde i 2009 255 616 gjester. Av dette stod Nynorsk kultursentrum for 7,7 %, mot 6,0 % i 2008, og vi hadde 65 % av alle nettstadgjester i fylket i 2009.

Heile 21 % av gjestene våre deltok i 2009 i pedagogisk verksemd for barn og unge, mot 15 % for heile fylket og 10 % for alle museum i landet.

**Tabell 1**  
**Gjesteprofil etter aktivitet og år 2006–2010**  
Prosent

	2006	2007	2008	2009	2010
Kulturprogram	19	15	13	13	11
Festspela	37	37	28	29	36
Utleige	14	13	14	20	15
Utstillingar	31	35	45	38	39
<b>Sum</b>	<b>99</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>100</b>	<b>101</b>

Tabell 1 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at svingingane er store frå år til år. I 2010 var det prosentdelen festspelgjester som auka, medan dei andre typane gjester utgjorde mindre prosentdelar enn året før.

Tabell 2 syner at fordelinga av gjester mellom sesongane svingar over tid. Sommarsesongen medrekna Dei nynorske festspela har dei siste åra gitt om lag halvparten av alle gjestene. Slik var det også i 2010.

**Tabell 2**  
**Gjester etter sesong 2006–2010**  
Prosent

	Vår	Sommar	Haust
2006	26	52	22
2007	21	49	30
2008	37	38	26
2009	36	48	16
2010	31	49	20

## 13.2 Gjesteundersøking

Vi gjennomførte den vanlege publikumsundersøkinga i perioden 1.7.–13.8., med dei same spørsmåla og på same måten. Svara viser mykje godt dei same tendensane som før.

Vel halvparten av gjestene var i alderen 61–71 år. Vi hadde gjester frå dei fleste fylka, men få fastbuande i Eiksund-regionen. Svært få av gjestene kom frå andre land. Halvparten hadde nynorsk eller begge målformer som hovudmål.

Gjestene var anten på besøk hos vene og slektingar i nærområdet eller på gjennomreise. Særleg gledeleg var det at kvar fjerde gjest hadde Aasen-tunet som mål for turen.

Førehandsinformasjon om museet kom først og fremst fra slekt, vene og kjende, og fra media.

I 2010 hadde kvar femte gjeste henta informasjon fra Internett. Dette prosenttalet har auka jamt frå 2000. Det inneber at nettstaden er viktig også for sommarsesongen.

Som før om åra var gjestene i det store og heile uvanleg godt nøgde med stundene i Aasen-tunet.

### 13.3 Opningstider

Opningstidene har, med små justeringar, vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei nynorske festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene.

*16. august – 14. juni:* måndag – fredag 10–16, søndag 12–17.

*15. juni – 15. august:* måndag – fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

Ivar Aasen-tunet var ope 317 dagar i 2010 mot 312 i 2009. Av dette var 104 dagar utan besøk på arrangement eller i utstillingar, mot 108 året før.

### 13.4 Billettprisar

Prismodellen frå opningssesongen blei ført vidare også i 2010, med desse prisane:

- Vaksne 70,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00
- NAF-medlemer ("Show your card") 35,00
- Tillegg for billett utanom opningstid 25,00

Under Festspela hadde alle gjester fritt tilgjenge i basisutstillinga.

Vi har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar og at dei skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover. Samstundes skal tilbodet vårt romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært

lite. For arrangement varierte prisane frå gratis til 320 kr.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1200 kr som gav tilgjenge til alle arrangement

### 13.5 iTicket

Vi selde Internett-billettar for 149 000 kr gjennom iTicket, mot 85 000 kr året før. Dette utgjorde 27,6 % av det samla billettsalset til kulturprogram og festspel, mot 14 % i 2009.

Gjennom iTicket kunne publikum over heile verda kjøpe billettar til alle arrangement på Internett, via vår eigen nettstad eller billettluka.no. Desse kunne hentast hos Narvesen eller 7-Eleven. Publikum kan førebels ikkje skrive ut billettane sjølve, og dei må vere registrerte kundar. Dette held att på bruken av tenesta.

## 14. Økonomi

Inntektene auka med 10 % frå 13,7 millionar kr i 2009 til 15,0 millionar kr i 2010. Driftskostnadene auka like mykje og var på 14,7 millionar kr.

### 14.1 Investeringar


Etter store prosjekt i 2008 og 2009 var investeringane i 2010 tilbake til det vanlege. Dei siste detaljane i arbeidet med tilkomstvegen kom på plass. Vi investerte også i ny datatenar og ny varebil, og vi planla ei nødvendig ombygging i administrasjonsdelen av Ivar Aasen-tunet.

### 14.2 Drift

*Inntektene* har auka markert nesten kvart år. Det gjorde dei også i 2010.

Eigeninntektene er alle inntekter utanom ordinært driftstilskot frå staten. I 2010 auka desse med 12 % frå 3 579 000 kr i 2009 til 4 015 000 kr. Eigeninntektene utgjorde 27 % av samla inntekter, mot 26 % året før.

**Figur 13. Inntektsprofil 2000-2010**



Billettsalet auka med 9 % fra 613 000 kr i 2009 til 666 000 kr i 2010. Dette utgjorde 4,4 % av samla omsetning, som året før.

Bruttoomsetninga over kassa passerte det høge nivået frå åra før og enda på over 2,6 millionar kr i 2010. I tabell 3 er omsetninga fordelt på dei ulike driftsområda. Butikken har dei siste åra vokse kraftig og stod i 2010 for heile 45 av brutto kassaomsetning.

**Tabell 3**  
**Brutto kassaomsetning etter driftsområde 2007–2010**  
Prosent

	2007	2008	2009	2010
Billettar utstilling	8	8	7	5
Billettar arrangement	28	23	18	20
Butikk	30	32	37	45
Kafé og utleige	34	36	38	29
I alt	<b>100</b>	<b>99</b>	<b>100</b>	<b>99</b>

Kostnadene auka like mykje som inntektene i prosent.

Lønskostnadene utgjorde framleis om lag berre halvparten av driftskostnadene: 51 % i 2010 mot 50 % i 2009. Dette inkluderer utøvarhonorar. Kombinasjonen av låg lønskostnadsdel og stor aktivitet viser at arbeidspresset var høgt også i 2010.

Vi fekk utført meir vedlikehald i 2010 enn åra før og var dermed a jour med dette arbeidet. Kostnadene til drift av lokale auka noko, likeins kontorkostnadene, medan vi brukte mindre til reiser og marknadsføring.

Avdelingane Drift, Festspel og Butikk hadde høgare omsetning enn i 2009, medan Arrangement, Utstillingar og Kafé omsette for mindre enn året før. Avdelingane Festspela, Utstillingar og Butikk forbetra driftsresultatet mykje frå året før.

Varelageret hadde ved utgangen av året ein verdi på 354 000 kr, mot 310 000 kr i

2009. Vi vil ikkje skal byggje opp fiktive verdiar. Ved årsskiftet reduserte vi difor varelageret med 33 000 kr i ukurans, mot til saman 47 000 kr i 2009. Etter dette utgjorde verdien av butikk Lageret berre 29 % av nettoomsetninga i butikken, mot 41 % i 2009.

#### 14.3 Prosjekttilskot

Vi inntektsførte 313 000 kr i prosjekttilskot mot 532 000 kr i 2009. Dette var dei viktigaste tilskota:

- ABM-utvikling: 80 000 kr til utvikling av elevprogrammet *Dine språk*
- Norsk kulturråd: 40 000 kr til litteraturprosjektet *Alfa*
- Møre og Romsdal fylke: 88 000 kr til Dei nynorske festspela
- Volda kommune: 55 000 kr til Dei nynorske festspela
- Ørsta kommune: 45 000 kr til Dei nynorske festspela

Ørsta kommune betalte 50 000 kr i 2010, som dei også gjorde i 2009. Det året innntektsførte vi ved ein feil 55 000 kr. Dette er retta opp i 2010.

#### 14.4 Samarbeidsavtalar

I 2008 fekk vi på plass gode og langsiktige sponsoravtalar for åra 2008–2010. Ein avtale som gjekk ut i 2009, blei fornya for åra 2010–2012. Rekneskapsførte inntekter frå desse avtalane utgjorde 390 000 kr mot 407 000 kr i 2009.

Vi hadde i 2010 fire hovudsponsorar: Sunnmørsposten, Sparebanken Ørsta Volda, Tussa og ABC Startsidan.

Dei nynorske festspela hadde 32 samarbeidspartnarar, mot 45 i 2009. Medrekna kulturprogrammet hadde vi 57 samarbeidspartnarar i 2010, mot 73 året før:

Asker Museum, Bakk-Ola-marka, Bama, Blæst Litteraturfestival, Blåmann Barnebokklubb, Bondens Marknad, Bryne vidaregåande skule, Dei nynorske mediedagane, Det Grøne Treet, Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret, Fadderveka 2010 ved Høgskulen i Volda, Fjord 1 Buss Møre, Forlaget Oktober, Friile, Fugl Føniks kaffibar, Hjørundfjorden kulturvernlag, Hotell Ivar Aasen, Ivar Aasen-instituttet, Jazzklubben Volda Ørsta, Kafé Fru Svendsen, Kinn

Bryggeri, Kontaktpunktet, Litteraturdagane i Vinje, Møre folkehøgskule, Møre og Romsdal fylkeskommune, Norsk Botanisk Forening, Norsk Forfattersentrum, Norsk Målungdom, Norsk Ordbok 2014, NRK Ny-norsk mediesenter, NTNU, Nyttevekstforeningen i Ålesund, Ole Ringdal as, Opera Nordfjord, Rasmus Løland-markeringa 2007–2011, Ryfylkemuseet, Sivert Aarflot-museet, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Sogn og Fjordane Teater, Tine, Vikebygda sanitetslag, Volda Bil, Volda Bygdetun, Volda elektriske mylne, Volda Hagelag, Volda handelsforening, Volda kommune, Volda og Ørsta kyrkjeakadem, Volda sokneråd, Volda omsorgssenter, Westres bakeri, Ørsta handels- og serviceforeining, Ørsta kommune, Ørsta kunstlag, Ørsta Mållag og Ørsta sokneråd.

Nynorsk kultursentrum takkar alle samarbeidspartnarane!

#### 14.5 Samfunnsrekneskap

Den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår er stor. Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2010:

- 1 546 000 kr i skattetrekk og 906 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 2 452 000 kr, mot vel 2,2 millionar kr i 2009. Dette utgjorde 17 % av samla kostnader i 2010.
- 7,5 millionar kr i bruttoløn, mot 6,9 millionar kr i 2009.
- 830 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement, Dei nynorske festspela og elevprogram, mot 824 000 kr i 2009.
- Lønsoppgåver for 69 lønsmottakarar i 20 kommunar, mot 69 lønsmottakarar i 20 kommunar i 2009.

Fra og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt løn til personar busette i 120 kommunar spreidde over alle fylka.

## 15. Retning 2018

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2010. I tråd med visjonsdokumentet utvida vi perspektiva for verksemda vår samstundes som

vi heldt fast ved posisjonen vår som ein sjølvstendig kulturinstitusjon.

Mykje av vår forståing av den norske språk- og kultursituasjonen låg til grunn for den språkmeldinga frå regjeringa Stoltenberg som eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg til våren 2009. I oppfølginga av denne meldinga trengst eit nynorsk styrkeløft. Særleg gjeld det å utvikle mest mogleg lesestoff for born og unge i trykt form og på Internett.

Både årstalen og andre tiltak dokumenterte at det trengst sterke og målretta tiltak for at born med nynorskbakgrunn skal få den språklege sjølvkjensla dei treng og fortener.

Dette er grunnlaget for vidare verksemd frå Mangfaldsåret 2008, Kulturminneåret 2009 og Leseåret 2010 til Språkåret 2013.

### 15.1 Dialog med mange land og kulturar

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 21 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei sju universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere kjennemerket for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi vil knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovedoppgåvene fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader,

for å gjøre den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmakten. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegeita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkjer den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Samstundes stiller vi gjerne kompetansen vår til rådvelde for arbeid og tiltak som kan gjøre det lettare å vere nynorskbrukar.

Ivar Aasen-tunet som opplevelingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé, bibliotek og arkiv. Vi vil ikkje ha noko skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleveling.

Verdien av publikumstilbodet må målast i meir enn gjestetal. Både arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk skal halde høg kvalitet. Vi utviklar ein god del tilbod vi er åleine om. Ein del arrangement og utstillingar skal ha gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonscenter har to hovudoppgåver: ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden [aasentunet.no](http://aasentunet.no). Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkletekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksem

Nyvinningane til fordel for nynorsk-brukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Vi legg vekt på samarbeid og samordning med både den

organiserte målrorsla og sentrale nynorskinstusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

Det siste tiåret har det kome til mange nye institusjonar, både i norsk kulturliv generelt og i nynorskmiljøet. Dette set jamleg evna til samarbeid på prøve. Fleire små institusjonar kan på eiga hand prøve å byggje opp ein kompetanse som alt finst, eller som kunne bli sterkare gjennom samarbeid. Vi tek svært gjerne del i prosjekt som samsvarar med forretningsideen vår. Der vi er med, ønskjer vi å vere aktive, ikkje eit namn til utlån.

Nynorsk kultursentrum bør bli ein større organisasjon. Det er strategisk bra for oss å få fotfeste fleire stader i landet. Vi er organiserte slik at det etter måten er lett å integrere nye einingar i drifta. Med Olav H. Hauge-senteret som eiga driftsavdeling er grunnlaget til stades for seinare vekst.

Profilen må bli verande tydeleg. Eventuelle utvidingar må styrke det museumsfaglege arbeidet vårt og rolla som nynorsk aktør.

Ivar Aasen-tunet har fotfeste både lokalt og nasjonalt. I åra 2009–2012 skal dette bli ein kulturinstitusjon i dialog med mange land. Dette skal prege kulturprogrammet og festspelprogrammet, utstillingane og andre delar av verksemda vår. På denne måten kan vi formidle erfaringar frå den språkdelte norske kulturen til andre land og kulturar, og vi kan ta inn impulsar andre vegen. Dette vil vere med og vise at nynorsk er eit språk som andre språk, og altså alminneleggjere den norske språksituasjonen.

I første omgang tek vi initiativ til å etablere eit globalt nettverk av språk- og skriftkulturmuseum. Grunnlaget for dette er dokumentasjonen *Museums of language and written culture*, som blir fullført våren 2010. Dette femner om meir enn 30 slike institusjonar. Den internasjonale samarbeidsflata blir også utvida gjennom Litteraturnettverket, ICLM og det nye nettverket *Literary societies and literary museums in Europe*.

## 15.2 Endringar i Ivar Aasen-tunet

Ivar Aasen-tunet er generelt i god stand. Etterspurnaden og aktiviteten er alt mykje større enn det ein rekna med då institusjonen blei planlagd. Presset er difor stort i

mange ledd. Alt dette gjer det nødvendig å avklare ei rekkje spørsmål i åra frametter:

- Ny bygning med kjøkken og kafé
- Utbetring og bruk av stabburet
- Noko meir utbetring av Gamlevegen
- Utbetring av Galleriet
- Garasje og reiskapshus

Vedlikehald av natur- og kulturlandskapet er ei kontinuerleg oppgåve.

Rådet har ved fleire høve streka under at vidare utbygging i Ivar Aasen-tunet bør vere ei av dei nynorske hovudsakene for det kommande tiåret.

### 15.3 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2009 gjekk prisen til forfattar Maria Parr, Volda, for utsøkt evne til å skape klok og vakker litteratur som gjer det mogleg for born og unge å få meir nærbane med nynorsk og samstundes syner at enno er mykje ugjort i norsk litteraturpolitikk for å utvikle meir godt lesestoff for born og unge på nynorsk.

Prisen – 50 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst – blei overrekt av rådsordførar Morten Søberg under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 24.6.

Til no har desse fått prisen:

- |      |  |
|------|--|
| 2000 | Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård                            |
| 2001 | Hotelldirektør og visepresident i<br>NHO Gerd Kjellaug Berge |
| 2002 | Ringstabekk skole  |
| 2003 | Redaktør Martin Toft   |
| 2004 | Musikkgruppa Side Brok                                       |
| 2005 | Forfattar Kjartan Fløgstad                                   |
| 2006 | Forretningskvinne og toppidretts-<br>utøvar Kari Traa        |
| 2007 | Forlagsredaktør Guri Vesaas                                  |
| 2008 | ÅmliAvisa v/Inger Stavelin                                   |
| 2009 | Seksjonsoverlege Ottar Rekkedal                              |
| 2010 | Forfattar Maria Parr   |

### 15.4 Institusjonsbygging

Nynorsk skriftkultur har mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, som alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstasjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og favorisering.

Nynorsk kultursentrum var ved årsskiftet særleg involvert i den vidare utviklinga av desse institusjonane og tiltaka:

- Allkunne
- Vingefondet
- Språkåret 2013
- Jon Fosse-arkivet
- Norsk Barneblad
- Falturiltu barnelitteraturfestival
- Rasmus Løland-markeringa

Tre av desse tiltaka har born som emne eller viktigaste målgruppe.

### 15.5 Oppfølging av språkmeldinga

Eit breitt fleirtal i Stortinget slutta seg i april 2009 til alle hovudlinjene i den språkmeldinga regjeringa Stoltenberg la fram våren 2008, blant anna med eitt kapittel levert frå Ivar Aasen-tunet. Dermed er det offisiell politikk at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

Prinsippet nynorsk føreset tre overordna strategiar for tiltak i regi av staten og anna offentleg forvaltning:

- Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt
- Barn og unge må få meir nærbane med nynorsk
- Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege

*Administrativt system som sikrar at nynorsk blir vurdert eksplisitt.* Det trengst ein administrativ mekanisme som sikrar at nynorsk alltid blir vurdert eksplisitt. Det betyr både å kome inn på førehand og å kontrollere i etterhand. Dette bør ligge organisatorisk til Kulturdepartementet og ha vedtekne rutinar for konsultasjon, slik at det heile byggjer på meir

enn god vilje. Essensen bør vere at alle viktige dokument og tiltak som har språkpolitisk relevans eller som har eller bør ha referansar til språk og språkbruk, blir lagde fram for Kulturdepartementet før dei blir vedteke eller publiserte. Departementet bør i så fall lage eit oversyn over kva slags dokument som fell inn under kategorien ”viktige dokument og tiltak”, så som stortingsdokument, rundskriv og liknande dokument, tiltakspakkar og -planar.

*Born og unge må få meir nærekontakt med nynorsk.* Born og unge med nynorsk som hovedmål må få alt relevant stoff i si målform, og dei med nynorsk som sidemål må bli fortrulege med nynorsk språk og litteratur. Særleg viktige tiltak er desse:

- nynorske dataspel
- populærkulturelt lesestoff
- nynorskprosjekt i Den kulturelle skulesekken
- Den unge scenen, Norsk amatørteaterfestival og fleirkulturelt barne- og ungdomsteater ved Det Norske Teatret
- nynorsk kvalitetsinnhald på Internett
- fagbøker
- prosjekt av den typen Rasmus Lølandstiftinga representerer
- nye nettenester som [www.tunkatten.no](http://www.tunkatten.no) og [www.Framtida.no](http://www.Framtida.no)

*Det må bli mykje enklare å bruke nynorsk i det offentlege.* Både i stat og kommunar må det bli mykje enklare for tilsette å bruke nynorsk. Særleg viktige tiltak er desse:

- Språkbanken
- utvikling og produksjon av ordbøker og fagterminologi på nynorsk
- vanleg og mykje brukt programvare i begge målformer
- utvikling av enkle system for parallellosking mellom bokmål og nynorsk i sak- og arkivsystem
- vedtekne og jamleg oppdaterte språkplanar for alle organ som kjem inn under mållova
- interdepartementalt utval for språk og teknologi

Nynorsk kultursentrums følgjer opp i nært samarbeid med resten av Nynorsk Forum.

## 15.6 Soria Moria 2

Til arbeidet med den nye regjerings-erklæringa Soria Moria 2 hausten 2009 la vi fram eit dokument der den overordna strategien var eit nynorsk styrkeløft.

Regjeringa Stoltenberg fekk støtte frå eit breitt fleirtal i Stortinget i 2009 for *prinsippet nynorsk*: omsynet til nynorsk skal alltid vurderast eksplisitt når spørsmål som vedkjem norsk språk, blir tematisert. Sidan 2004 har det også vore uttrykt politikk frå eit breitt fleirtal i Stortinget at det skal gjennomførast ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur fram mot 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

Det trengst ein *nynorsk tiltakspakke 2010–2013*. Å styrke bruken av nynorsk er å styrke bruken av norsk språk generelt. Der nynorsk blir brukt meir, blir engelsk brukt mindre. Stortinget vedtok i 1885 å jamstelle nynorsk og bokmål. Reell jamstelling er berre mogleg viss det blir gjort mykje ekstra for nynorsk.

Det trengst *mykje større og øyremerkte nynorsktiltak*. Mange generelle støtteordningar kjem også nynorskbrukarane til gode, som pressestøtta og støtta til museum og teater, men staten har få og små støtteordningar som har til oppgåve å styrke nynorsk skriftkultur. Samla utgjorde desse ordningane mindre enn 35 millionar kr i 2010. Støtta til Det Norske Samlaget og Norsk Ordbok 2014 utgjer dei største og viktigaste summane. Norsk kulturråd forvaltar støtteordning for nynorsk litteratur, årleg honorarstøtte til Norsk Barneblad og støtte til Dag og Tid. Nynorsk pressekontor får som det einaste pressekontoret stats-støtte. Nynorskinstitasjonar som Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrums får vesentleg støtte, men ikkje meir enn andre teater og museum.

Det trengst *mange fleire tiltak i dei nynorske kjerneområda*. Nynorskbrukarane bur over heile landet, bruken av nynorsk er stabil på mange område, og styrkt på nokre, men presset aukar. Det nynorske grunnfjellet kan kome til å slå sprekkar viss effektive mot-tiltak ikkje blir sette inn. Åtte av ti nynorskelevar i grunnskulen bur i dei 114 nynorsk-kommunane. Her verkar to tendensar i negativ lei: Ein aukande prosentdel av elevane

bruker bokmål, og folketalet stagnerer eller går ned. Utviklinga i dei nynorske kjerneområda avgjer kva stilling nynorsk har som landsgyldig og jamstelt språk om femti år.

### 15.7 Kulturelt mangfald

Mangfald er ein måte å tenkje på. Ein kan ikkje velje vekk dei delane ein ikkje vil ha, ta vare på resten og utrope seg som varm tilhengjar av mangfald. Vi må ta vare på dei språklege og kulturelle skilnadene vi har i Noreg, både dei som har vore her i meir enn tusen år, og dei som har vandra inn i landet dei siste tiåra. Utan ei slik plattform lærer vi aldri tenkjemåten mangfald.

Arbeid for kulturelt mangfald har ein eigenverdi for ein institusjon som vår. Mangfaldåret 2008 fekk diverre lite å seie for ei utvida forståing av det norske kulturelle mangfaldet. Vi fører vidare arbeidet med å utvide forståinga av det norske og dokumentere det tradisjonelle norske kulturelle mangfaldet.

Vi bør vere med og utvikle meir kontakt mellom nynorske, samiske og kvenske miljø. Der er mange i sør som må ta innover seg erfaringane med språkleg og kulturelt mangfald i Nord-Noreg. Det norske storsamfunnet treng både den nynorske erfaringa og dei røyslene urfolk og minoritetar har gjort. Rammevilkåra våre er prinsipielt ulike, men vi har mykje å snakke om.

### 15.8 Språkpolitisk demografi

Busetnadsmønsteret har endra seg mykje sidan 1990, og folkeauken i storbyane er sterkt. Barnekulla vekslar i storleik, men er for tida mindre enn vanleg. Den geografiske endringa svekkjer den daglege bruken av nynorsk, medan den demografiske endringa reduserer mengda av nye nynorskbrukarar.

Talet på elevar med nynorsk hovudmål i grunnskulen minka frå 16,5 % i 1990 til 13,0 % i 2010. I absolutte tal var det 79 841 nynorskelevar i 2010, mot 80 218 i 1990. Vi er langt unna nivået for kritisk masse, men det er ein ny situasjon den dagen skulemålsprosenten eventuelt fell under 10.

### 15.9 Presse- og mediepolitikk

I årstale nr. 10 dokumenterte vi at 58 avisar blir redigerte på nynorsk. Dette er kvar fjerde avis som blir gitt ut i landet. Avisene er særleg viktige for nynorsk skriftkultur fordi ein stor del av avisene er redigerte på nynorsk og ein liten del av bøkene er skrivne på nynorsk. Dei nynorske lokalavisene produserer like mykje nynorsk lesestoff på eitt år som norske forlag gjer til saman på fire år. Det desse avisene publiserer av tekst kvart år, svarar til meir enn 2100 bøker. Særleg lokalavisene er viktig lesestoff for born som knekkjer eller nettopp har knekt lesekoden.

Alt dette er argument for radikale endringar i mediestøtta. Denne støttepolitikken må ha ein tydeleg språkprofil. Noreg treng ein samla, systematisk og målrettet medie-støttepolitikk for alle skriftmedia som er på høgd med røynda. Mediepolitikken må presiserast ut frå det samfunnsoppdraget pressa har og slå fast at det oppdraget inkluderer styrking av begge skriftkulturane i Noreg.

Ei god språkpolitisk støtteordning for journalistisk publisering på papir eller Internett kan vere ein nynorskspott som svarar til 25 % av den samla pressestøtta. Ein slik pott må då kome i tillegg til anna støtte.

Journalistar blir i dag utdanna ved fem høgskular i Noreg. Altfor få av desse har nynorskbakgrunn. Noreg er på veg inn i ei framtid der det blir mangel på profesjonelle nynorskbrukarar i media. Dette må fleire institusjonar ta eit særleg ansvar for å endre.

### 15.10 Språk og lesing i barnehøgd

I årstale nr. 8 dokumenterte vi kor viktige barnehagane er i utviklinga av barnespråk, og kor lite dei fleste barnehagane gjer for å styrke språk- og sjølvkjensla hos born med nynorskbakgrunn. Born får sterke impulsar frå særleg tv, men sjølv om dei ser jamt meir tv, bruker dei mykje meir av dagen i barnehagen.

I årstale nr. 9 dokumenterte vi at tilbodet av barnebøker er tredobla dei siste femti åra, men for kvar femtande nye barnebok på bokmål kjem det éi på nynorsk. Der er ein etterspurnad utan tilbod, og det vil seie at marknadsmekanismen ikkje verkar i det norske språkmangfaldet.

Leseåret 2010 må dreie seg om mykje meir enn leseferdigheit i skulen. Dei lesekampanjane staten har gjennomført, har verka for dårleg. Leseåret må difor brukast til å endre norsk skriftkultur til det betre, og ha målretta nynorsktiltak.

Mange regjeringsar har teke mål av seg til å styrke nynorsk skriftkultur. Likevel utgjer ikkje nynorskbøker ein større del av norsk bokproduksjon i dag enn for 100 år sidan. Både her og på fleire andre domene har den statlege språkpolitikken dei siste tiåra stabilisert situasjonen, ikkje styrkt dei endringane som norskdomsrørsla dreiv fram med eigne midlar tidleg på 1900-talet.

Desse analysane og vurderingane blir følgde opp, både overfor fagmiljøa og gjennom samarbeid, der Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa er særleg viktig.

### **15.11 Den kulturelle skulesekken**

Nynorsk kultursentrum har sidan 2003 arbeidd for å få språkpolitiske perspektiv inn i Den kulturelle skulesekken. Dette arbeidet gav handfast resultat i *St.meld. nr. 8 (2007–2008) Kulturell skulesekk for framtida*. Der heiter det i kap. 4.9 ”Formidling av kunst og kultur på nynorsk”:

”Skal nynorsk som den minst brukte av målformene kunne hevde seg, er det om å gjere at born og unge også får kulturimpulsar på nynorsk. Særleg viktig er det at elevar med nynorsk opplæringsmål møter si eiga målform på brei front i den formidlinga som skjer i skulen. Dei treng all den motvekt dei kan få mot den sterke bokmålspåverknaden utanfor skulen.

Auka vekt på å formidle kunst og kultur på nynorsk gjennom Den kulturelle skulesekken kan difor vere med å styrke den språklege identiteten til nynorskelevane. Den kulturelle skulesekken vil på den måten bygge opp under dei pedagogiske målsetjinane i skulen og i større grad gjere skulen til ein berar og formidlar av språkleg og kulturell identitet.

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar har dette språkpolitiske perspektivet i tankane i den vidare utviklinga av Den kulturelle skulesekken òg når dei legg kon-

krete planar for kunst- og kulturtilbodet i ordninga. I den samanheng er det ynskjeleg med eit visst tilbod på nynorsk også for bokmålselevar”.

Nynorsk kultursentrum følgjer opp dette både med eigne, nye elevprogram og utviklingsprosjekt i samarbeid med fleire fylkeskommunar og Høgskulen i Volda.

### **15.12 Læremiddel på nynorsk**

Nynorskmiljøet samarbeidde tett om denne saka gjennom Nynorsk Forum også i 2010. Stort sett låg læremidla føre også på nynorsk ved skulestart i august 2010, men for elevar i små fag på vidaregåande skule er situasjonen like alvorleg som før. Truleg er mange av dei elevane som er mest usikre språkleg å finne i desse faga.

I 2008 arbeidde Utdanningsdirektoratet særleg med å endre forskriftene i opplæringslova for å klargjere ansvar og verkeområde for denne lova. Etter høyring vinteren 2009 var desse framlegga ikkje på plass til skuleåret 2010/11.

Det interkommunale forlaget Nasjonal digital læringsarena, NDLA, publiserte i fleire fag heildigitale læremiddel med uakseptabel språkleg kvalitet. Nynorsk Forum tok tungt tak i saka og oppnådde store, positive endringar i nynorskutgåvene i 2010.

### **15.13 Digitaliseringspolitikk**

Internett er blitt daglegdags. Nynorsk må finnast i vanleg bruk der publikum er i kvar-dagen. Difor er utvikling av digitale tenester og tilbod på nynorsk svært viktig. Over 50 nynorske lokalavisar har eigne nettutgåver, fleire store medieselskap bruker nynorsk i større eller mindre grad på nettstadene sine, og offentleg forvaltning blir sakte betre i sin bruk av nynorsk. Vår rolle er å utvikle eigne gode nettstader, stimulere andre til å gjere det same, og dokumentere verdien av at dette blir gjort.

Regjeringa Stoltenberg la i 2009 fram *St.meld. nr. 24 (2008–2009)* om digitalisering. På grunnlag av drøfting i rådet sende Nynorsk kultursentrum 12.5.2009 notatet *Sju bidrag til ein pen og brei digital allmenning til familie- og kulturkomiteen i Stortinget*. Dette

er framleis grunnlaget for arbeidet vårt på området.

#### **15.14 Ein skriftkultur med tradisjon**

Den nynorske skriftkulturen er 150 år gammal og byggjer på ein tusenårlang skrifttradisjon. Eit mindretal av all verdas språk kan vise til nokon liknande. Å forstå denne tradisjonen, og vere med og utvikle denne skriftkulturen vidare, er den lange oppgåva for oss. Arbeidet held fram i retning av 2018 som rommar både 200-årsjubileet for A.O. Vinje og 150-årsjubileet for Det Norske Samlaget.